

BACHELOROPPGÅVE

Kjedetilknøyting eller ikkje? Leverer frittstående og kjedetilknøytt rekneskapskontor same kvalitet?

Av

8 – Inger Kristin Dale

5 – Ingvild Merete Hagen

**Chain attached or independent? Do independent and chain attached
accountancy firm deliver the same quality?**

Økonomi og Administrasjon

BO6-2001

Mai 2016



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva (Skriv inn tittel) i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar.

Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

8 – Inger Kristin Dale

JA NEI

5 – Ingvild Merete Hagen

JA NEI

Forord

Denne bacheloroppgåva utgjer den avsluttande delen av bachelorgraden vår i Økonomi og Administrasjon ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Omfanget av oppgåva er 15 studiepoeng og den er skriva med profil som Rekneskapsførar.

Me bestemte oss tidleg etter at me begynte å studere at me ville skriva bacheloroppgåva saman, sidan me har eit godt samarbeid der me utfyller kvarandre fagleg og trivs godt saman sosialt sett. Prosessen har vore både spennande, krevjande og lærerik. Ei stor takk rettast til intervjuobjekta våre som har teke seg tid til å svare godt på spørsmåla, samt at dei har vore tilgjengelege i etterkant for å svare utfyllande der me trengde det. Me ynskjer å takke rettleiaren vår, Mona Kristin Nytnun, for god rettleiing undervegs i prosessen. Til slutt vil me også takke familie og vener for støtte og tolmodigheit, og for å ha bidrege med konkrete og konstruktive tilbakemeldingar.

Abstract

The purpose of this bachelor thesis is to get a better understanding of accounting as a profession. How is quality ensured in accounting work and what tools do accountants use to ensure quality? How does legislation ensure that the final product the accountants deliver is of high quality? Does it affect the focus on quality whether the accounting office are independent or chain attached? This thesis is built up with a literature review and in-depth interviews in which five accountants from different backgrounds give us an insight into their work day and how they ensure the quality in the work they perform.

Accounting as a profession has been through major restructuring over the last couple of years. Hardly any other profession has changed this much, in such a short amount of time. This is partly caused by the development of technological aids. The technology has developed steadily, and accounting to a great extent is now preformed electronically, this has led to less physical work material in the form of paper. Together with technological development, the constant changes and update in laws and regulations influenced accounting as a profession, we can mention A-scheme, Money Laundering Act and changes in statutory auditing. In 2011 the audits duties changed, this resulted in the loss of statutory audit for many small firms. After this change in law the work of accountants is no longer controlled by auditors, therefore the last inspection and certification body vanished. The focus on quality in other words became very important for professional practice in the accounting industry. It was therefore interesting for us to find out how this affected accountants that have been in the industry for many years.

Through discussion of the findings it becomes clear that technological nor regulatory differences lead to different quality in the work of accountants. Independent and chain attached office follows the same framework and legislation and use the same tools for quality assurance. Conversely, large variation in the percentage of authorized external accountants in freely keep standing office, may influence the quality of work as accountants perform. The chain has a tendency to prioritize the authorized accountants transmit rob above the non-authorized as regards courses and academic updating. The ordinary worker does not see the same benefits to be adjoining a chain, as the managers does. Since managers often focuses on bottom line, it is the cost that stop them from taking the step from freely keep standing to chain adjoining office?

Samandrag

Formålet med denne bacheloroppgåva er å få ein betre forståing for rekneskapsføraryrket. Korleis kvalitetssikrar rekneskapsføraren arbeidet sitt og kva verktøy brukar han til dette? Korleis sikrar lovverket at sluttproduktet som rekneskapsføraren leverar, årsrekneskapen, er av høg kvalitet? Har det noko å seie om rekneskapskontoret er frittstående eller kjedetilknytt, påverkar dette fokuset på kvalitet? Oppgåva er bygd opp med ei litteraturoversikt og djupneintervju der fem rekneskapsførarar med ulik bakgrunn gir oss innsikt i deira kvardag og korleis dei sikrar kvaliteten på arbeidet dei utfører.

Rekneskapsføraryrket har vore gjennom store omstillingar dei siste åra. Knappt noko anna yrke har endra seg så mykje, på så kort tid. Mykje av dette skuldast utviklinga av teknologiske hjelpemiddel. Teknologien utviklar seg stadig, og rekneskapsførararbeidet føregår no i større grad elektronisk, dette har ført til mindre fysisk arbeidsmateriale i form av papir. Saman med teknologiutviklingar, har stadige endringar og oppdatering av lover og reglar påverka rekneskapsføraren sin kvardag, vi kan nemne A-ordninga, Kvitvaskingslova og endring i revisjonsplikta. I 2011 vart revisjonsplikta endra, denne medførte bortfall av revisjonsplikta for små føretak. Med denne endringa blir ikkje rekneskapsføraren sitt arbeid kontrollert av revisor lenger og dermed forsvann den siste kontrollinstansen. Fokuset på kvalitet er med andre ord blitt svært viktig for yrkesutøving i rekneskapsførarbransjen. Det var difor interessant for oss å finne ut korleis dei som har vore mange år i bransjen opplever desse endringane.

Gjennom drøfting av funna blir det klart at det korkje er teknologiske eller lovmessige forskjellar som kan føre til ulik kvalitet på den ferdige rekneskapen. Frittstående og kjedetilknytt kontor følgjer same rammeverk og lovgjevnad, og nyttar stort sett same verktøy til kvalitetssikring. Derimot kan store variasjon i andelen autoriserte rekneskapsførarar i frittstående kontor, påverke kvaliteten på arbeidet som rekneskapsføraren utfører. Det synest som om kjedene har ein tendens til å prioritere dei autoriserte rekneskapsførarane framfor dei ikkje-autoriserte når det gjeld kurs og fagleg oppdatering. Dei vanlege tilsette ser ikkje dei same fordelane med å vere tilknytt ei kjede, som leiarane gjer. Sidan leiarane ofte har fokus på botnlinja, er det kostnaden som hindrar dei frå å ta steget frå frittstående til kjedetilknytt kontor?

Innhald

Forord	- 1 -
Abstract	- 4 -
Samandrag	- 5 -
1.0 Innleiing	- 8 -
1.1 Tema	- 8 -
1.2 Bakgrunn for oppgåva	- 9 -
1.3 Presentasjon av problemstilling med avgrensing	- 10 -
1.4 Oppgåva sin disposisjon	- 10 -
2. 0 Teori	- 11 -
2.1 Kva er eit rekneskap?	- 11 -
2.2 Kva er ein rekneskapsfører?	- 11 -
2.3 Autorisasjonsplikt som rekneskapsfører	- 12 -
2.4 Finanstilsynet	- 13 -
2.5 Etterutdanningskravet	- 14 -
2.6 Rettvisande bilete	- 15 -
2.7 COSO-rapporten	- 17 -
2.8 Kvalitetskontroll	- 18 -
2.9 God Rekneskapsføringsskikk (GRFS)	- 20 -
2.10 Risikostyringsforskrifta	- 20 -
2.11 Kvitvaskingslova	- 21 -
2.12 Dokumentasjon	- 22 -
2.13 Oppdragsavtale og fullmakter	- 23 -
2.14 Teieplikt	- 24 -
2.15 Avstemming	- 24 -
2.16 Verktøy kvalitetssikring	- 25 -
2.17 Oppslagsverk	- 26 -
3.0 Metode	- 27 -
3.1 Val av forskingsmetode	- 27 -
3.2 Utval	- 28 -
3.3 Datainnsamling	- 29 -
3.4 Litteratur	- 30 -
3.5 Validitet og reliabilitet	- 31 -
3.6 Etikk	- 33 -
4.0 Presentasjon av data	- 35 -

4.1 Intervjuobjekta	- 35 -
4.2 Bedriftene	- 36 -
4.3 Arbeidsoppgåver og kvalitetssikring.....	- 36 -
4.4 Fagleg påfyll, GRFS og tilknytning til rekneskapskjede	- 37 -
4.5 Open del	- 39 -
5.0 Drøfting	- 40 -
5.1 Kvalitetssikring og GRFS	- 40 -
5.2 Etterutdanning og fagleg påfyll	- 42 -
5.3 Kjede eller frittstående kontor?	- 43 -
6.0 Konklusjon	- 44 -
Bibliografi	- 46 -

1.0 Innleiing

1.1 Tema

Då me skulle velje tema for bacheloroppgåva vår var det mange spørsmål som dukka opp. Kva fagområde skulle me skrive innanfor? Kva problemstilling skulle me velje? Og korleis skulle me stille forskingsspørsmålet?

Me har lenge visst at me ville skrive oppgåva vår med utgangspunkt i rekneskapsføring, sidan eit yrke innan rekneskap og revisjon var målet med utdanninga for begge. Me ville at oppgåva skulle ha ei problemstilling der me fann svaret på noko me var opptekne av. Gjennom studietida har me stadig fått høyre at rolla som rekneskapsfører er i endring, og at arbeidsmåten til ein rekneskapsfører har endra seg, og ikkje lenger berre består av manuell bokføring. Den teknologiske utviklinga har ført til at mykje av kommunikasjonen og transaksjoner skjer digitalt og over Internett. Krava til kvalitet og kvalitetskontroll har kome meir i fokus, og rekneskapsføraren brukar meir tid på å kvalitetssikre arbeidet sitt no enn tidlegare.

Gjennom prosessen med idémyldring til problemstillinga vår, vart me difor nysgjerrige på om det var nokon skilnad på korleis små og store rekneskapskontor handterte denne utfordringa. Me ynskjer å finne ut om frittståande rekneskapskontor greier å følgje med på utviklinga i bransjen. Eit frittståande rekneskapskontor er eit rekneskapskontor som ikkje er tilknytt nokon kjede. Det vil sei at dei er sjølvveigde og sjølvstyrte. Dei har ikkje eit særskilt forretningskonsept dei må fylje korkje når det gjeld marknadsføring eller intern styring og kontroll. Dei har ikkje ei kjede dei rapporterer til.

Med kjedetilknytning meiner me ei kjede av same type bedrifter. I Noreg har me fleire slike kjeder innanfor rekneskapsbransjen, der Accountor og Visma er nokre av dei største. Kontor som er tilknytt ei kjede må rapportere til kjeda for kvar periode. Dei må rapportere omsetningstal, faktureringsgrad osv., for så å bli å målt mot resultata på andre kontor i kjeda, dette vert kalla «benchmarking». Kjedekontor profilerer seg likt på utsida, slik at dei er lette å kjenne att. Eit kjedekontor kan vera eigd av kjeda eller det kan vera ein franchisetakar som driv for kjeda.

Me valde å fokusere på kvaliteten på rekneskapen, i form av kvalitetskontroll og korleis dei ulike kontora utfører denne og sikrar at dei held seg innanfor krava som blir stilt av Finanstilsynet. Me ynskjer å sjå nærmare på om det er nokon skilnad på kvaliteten på sluttproduktet dei leverer – nemleg årsregnskapen. Leverer frittstående og kjedetilknytt rekneskapsførarkontor rekneskap av same kvalitet?

1.2 Bakgrunn for oppgåva

Enron-skandalen, som vart avslørt i 2001, var ein av dei største finansskandalar i USA. Skandalen, som omfatta energi-selskapet Enron og revisjonsselskapet Arthur Andersen, kom etter ei rekke avsløringar der ein rapporterte om uvanlege rekneskapsrutinar på grensa til bedrageri, som hadde føregått på heile 90-talet. Rettsaken til Arthur Andersen LLP, som var sikta for å hindre rettsforfølginga av Enron, var med på å avsløre rekneskapssvindel hjå WorldCom. Deira påfølgjande konkurs sette fart i ei rekke andre rekneskapsskandalar, der ein avslørte grov korrupsjon, rekneskapsfeil og innsidehandel.

Felles for desse økonomiske skandalane var at det avdekkja svært kritikkverdig økonomisk styring og kontroll, der fellesnemnaren var mangelfull og misvisande økonomisk rapportering til rekneskapsbrukarane. Det oppstod difor eit behov for å forbetre finansiell rapportering, som kunne gi betre sikkerheit for at verksemdene vart leia i samsvar med kriterier for ordentlig og effektiv forretningsdrift.

Noreg har heller ikkje vore unnateke slike økonomiske skandalar. OK Fish-saka vart avdekkja i 2001, der selskapet sin daglege leiar, Jarle Kvalheim, vart avslørt for å ha drive med omfattande momssvindel og grov økonomisk utruskap. Kvalheim innrømte å ha unndrege moms for 333 millionar i eit tidsløp på 10 år. Saka er i ettertid blitt omtala som landet si største momssvindelsak. I søkelyset kom også revisoren til selskapet, som skal ha godkjent bokføringar av faktura med urett innhald. Forholda førte til at han vart tiltalt for forsetteleg eller aktlaust å ha satt til side avgjersler om bokføring, årsoppgjer og rekneskapsoppbevaring. Revisoren vart også tiltala for å ha brote regelverket for god rekneskapsførarskikk.

I 2014 vedtok lagmannsretten ein dom om tilbakekall av autorisasjon som rekneskapsfører. Retten la til grunn at rekneskapsføraren som var tiltala, grovt og gjentekne gonger hadde

overdrege rekneskapsføreren sine plikter. Den tiltala hadde brote sine plikter som rekneskapsfører i form av manglande dokumentasjon av kontroll med ikkje-autoriserte medarbeidarar, manglande identitetskontroll av oppdragsgjevarar, mangelfulle og utdaterte oppdragsavtalar, manglande skriftlege fullmakter, manglande system for dokumentasjon av oppdragsoppfølging og mangelfull etterutdanning. Dommen slår fast at rekneskapsfører må sette seg tilstrekkeleg inn i sine plikter og ta pliktene på alvor. Det er ein føresetnad for autorisasjonsordninga at den som blir tildelt autorisasjon har evne og vilje til å innrette verksemda i samsvar med gjeldane reglar frå første dag.

1.3 Presentasjon av problemstilling med avgrensing

Rekneskapsførerbransjen er ein bransje i endring, dei kontora som best klarar å tilpasse seg endring og samstundes levere det kunden vil ha, vil mest sannsynleg ha eit fortrinn. Har eit rekneskapsførarkontor med få tilsette mogelegheit til å halde tritt med desse endringane og greier dei å tileigne seg kompetanse nok til å levere rekneskap av høg kvalitet? Eller vil kjedetilknytning tvinge seg fram som einaste alternativet for små rekneskapskontor for å kunne overleve mot dei større kjedetilknytte kontora?

Sidan kjedetilknytning ofte er eit økonomisk spørsmål for rekneskapskontora, hadde det vore interessant å sjå på om det å vere tilknytt ei større kjede gjev valuta for pengane. Me innser at dette blir for omfattande for vår oppgåve, me har difor valt å avgrense problemstillinga til å gjelde kvaliteten på rekneskapsfører og arbeidet som denne utfører.

”Kjedetilknytning eller ikkje? Leverer frittstående og kjedetilknytt rekneskapskontor same kvalitet?”

1.4 Oppgåva sin disposisjon

Oppgåva er delt inn i seks kapitel. Første kapitel er ei innleiing, som består av presentasjon av tema, bakgrunn for oppgåva og problemstillinga me har valt. For at lesaren og me skal ha ei felles forståing for oppgåva, har me i andre del skrive om relevant teori på området. I kapitel tre viser me til val av metode for undersøkinga, samt etiske avgjersler. Presentasjon av data er lagt fram i kapitel fire. I kapitel fem drøftar me funna me har gjort gjennom intervjuprosessen. I sjette og siste kapitel er ei oppsummering av funna og svaret på problemstillinga vår.

2.0 Teori

2.1 Kva er eit rekneskap?

For å seie noko om kva eit rekneskap består av, blir det naturleg å sjå det i ein historisk samanheng. Rekneskapsføring starta i form av bokføring. Ordet bokføring stammar frå den tida då rekneskapen vart ført i bøker – kassedagbok og hovudbok var namna på nokre av dei. I dag nyttast omgrepet 'bokføring' om posteringar på kontoar, nærmare bestemt om registrering av økonomiske transaksjoner med like beløp til høvesvis debet- og kreditsida på kontoane. Bokføringsreglane omfattar langt meir enn berre sjølve bokføringa, og inneheld mellom anna også krav til dokumentasjon, oppbevaring og sikring av rekneskapsmateriale. (Moen & Havstein, 2014, s. 21)

Bokføringspliktige kallar me dei som er omfatta av bokføringslova. Alle som driv ei eller anna form for næring, må innrette bokføringa si etter bokføringslova. Alle som har plikt til å utarbeide årsrekneskap etter rekneskapslova, er også pliktige til å følgje bokføringslova. Det same gjeld dei som har plikt til å levere næringsoppgåve etter likningslova eller omsetningsoppgåve etter meirverdiavgiftslova jf. bokføringslova §2. (Moen & Havstein, 2014, s. 21)

Hovudformålet med bokføringsreglane er å legge til rette for at eksterne informasjons- og kontrollbehov er ivaretekne. For det første må bokføringa innrettast slik at den pliktige rekneskapsrapporteringa blir påliteleg og dermed blir ei eigna informasjonskjelde for rekneskapsbrukarane. For det andre legg ein vekt på at myndigheitene har behov for å kontrollere rekneskapsrapportering. (Moen & Havstein, 2014, s. 22)

2.2 Kva er ein rekneskapsfører?

I næringslivet er det svært vanleg å bruke ekstern rekneskapsfører som ivaretek dei lovbestemte krava som næringslivet er pålagde i lover og forskrifter som omhandlar bokføring, utarbeiding av rekneskap og pliktig rapportering. Det er særleg små og mellomstore verksemder som nyttar seg av slike tenester då dei ofte manglar både kapasitet og kompetanse til å ivareta desse oppgåvene sjølve. Det kan dermed vere både tryggande og lønsamt å nytte ekstern rekneskapsfører i staden for å tilsette nokon til å ta seg av desse oppgåvene. (Moen & Havstein, 2014, s. 242)

I GRFS 1.2.2 finn me definisjonar som omhandlar rekneskapsførar og rekneskapsførarverksemd. Med autorisert rekneskapsførar meiner ein person som har autorisasjon som rekneskapsførar. Autorisert rekneskapsførar utan oppdragsansvar har eit sjølvstendig ansvar for at eige arbeid utførast på en ordentleg måte, i tråd med oppdragsavtaler og bestemmelsar gitt i, eller i medhald av lov. Med oppdragsansvarleg rekneskapsførar meiner ein autorisert rekneskapsførar som i følgje oppdragsavtalen er utpeika som ansvarleg for rekneskapsføraroppdraget. Med rekneskapsførar meiner ein person som utførar oppgåver på rekneskapsføraroppdraget, derunder oppdragsansvarleg rekneskapsførar og medarbeidarar. Med rekneskapsførarverksemd meiner ein både enkeltpersonføretak og selskap som i næring fører rekneskap for andre. Med rekneskapsførarselskap meiner ein selskap som nemnt i førre avsnitt. Omgrepet inkluderer ikkje enkeltpersonføretak. (Økonomiforbundet, Regnskap Norge, Revisorforeningen, 2014)

Kravet om autorisasjon gjeld oppdrag med rekneskapsføring for andre. Rekneskapsføring omfattar utføring av oppdragsgjever sine plikter etter rekneskaps- og bokføringslova, jf. rekneskapsførarlova § 2 første ledd. Autorisasjonsplikt oppstår ved oppdrag for andre som omfattar bokføring og utarbeiding av pliktig rekneskapsrapportering etter bokføringslova § 3, jf. bokføringsforskrifta § 2-1 og utarbeiding av årsrekneskap etter rekneskapslova. (Kristoffersen, 2014, s. 171)

2.3 Autorisasjonsplikt som rekneskapsførar

Krava til den eksterne rekneskapsføraren så vel som rekneskapsføraroppdraget er regulert i lov om autorisasjon av rekneskapsførarar av 16.juni 1993 med tilhøyrande forskrift. Formålet med lova var å sikre brukarane av rekneskapsføringstenester eit tryggande fagleg kvalitetsnivå hjå rekneskapsførarar og i tillegg arbeide for å forbetre det faglege og yrkesetiske kvalitetsnivået. I forarbeida er det grunngeve med næringsdrivande sitt behov for kompetente samarbeidspartnarar og ein viss fagleg standard for dei som skal kunne oppfylle dei strenge krava som vert stilt til næringsdrivande sitt rekneskap, samt moglegheita til offentleg inngrep der fagleg og yrkesetisk standard ikkje held mål. I § 4 i denne lova vert det stilt krav til utdanning og praksis samt andre vilkår for autorisasjon. Finanstilsynet gir autorisasjon, kan kalle tilbake autorisasjon, fører register og utøver tilsyn og kontroll med rekneskapsførarar i form av stadleg tilsyn, kontortilsyn eller dokumentbasert tilsyn. Autorisasjon vert gitt på

bakgrunn av søknad når det kan dokumenterast at alle krav og vilkår i lova er oppfylt. (Moen & Havstein, 2014, s. 243)

Tal autoriserte rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap per 31.12.2015	2011	2012	2013	2014	2015	Godkjenning i 2015
Rekneskapsførarar	9971	11128	11611	11500	11558	330
Rekneskapsførarselskap	2817	2862	2853	2858	2835	179

Tabell 1: Kjelde: (Finanstilsynet Årsmelding, 2015)

Autorisasjonsplikta gjeld uavhengig av om rekneskapskontoret vert drive som enkeltpersonføretak eller i selskapsform. I et enkeltpersonføretak skal innehavar ha personleg autorisasjon, men kan ha tilsette utan autorisasjon. Selskap (f.eks. AS, ANS og DA) må oppfylle særlege vilkår og inneha eigen autorisasjon. (Kristoffersen, 2014, ss. 170-171)

Autorisasjon som rekneskapsfører krev både utdanning og praksis som er spesifisert i rekneskapsførarforskrifta § 1-1 og § 1-2. For å få autorisasjon er det krav om bachelorgrad i Økonomi og Administrasjon på til saman 180 studiepoeng med ei særskilt inndeling på emne. Kravet til praksis er to års relevant praksis på til saman 3 200 timar i løpet av dei siste fem åra. I tillegg til krav om utdanning og praksis, er det også krav om at autorisert rekneskapsfører skal vere busett i ein EØS-stat, har fast kontorstad i Noreg, er økonomisk vederheftig, har ført ein heiderleg vandel og ikkje er umyndiggjort. (Kristoffersen, 2014, s. 172)

2.4 Finanstilsynet

Finanstilsynet er eit sjølvstendig styringsorgan som byggjer på lover og vedtak frå Stortinget, Regjeringa og Finansdepartementet og på internasjonale standardar for finansielt tilsyn. Gjennom tilsyn med føretak og marknader skal Finanstilsynet bidra til finansiell stabilitet og ordna marknadsforhold og til at brukarane kan stole på at finansielle avtalar og tenester blir følgde opp etter føremålet. I tillegg til det førebyggjande arbeidet må Finanstilsynet kunne bidra til å løyse problem som kan oppstå. Finanstilsynet sine oppgåver overfor rekneskapsførarar omfattar godkjenning av enkeltpersonar og føretak i tråd med lovkrava som gjeld for yrkesgruppa, og i tillegg registerføring og tilsyn. Tilsynet omfattar kontroll av at verksemda blir driven i samsvar med lov og forskrift, underliggjande kravet til God

Rekneskapsføringsskikk (GRFS), og at ho går føre seg på ein føremålstenleg og trygg måte. (Finanstilsynet, 2009)

Finanstilsynet gjennomfører tilsyn på bakgrunn av eigne risikovurderingar, rapporteringar og andre signal, som for eksempel nyheitssaker. Finanstilsynet kan følgje opp rapportar og signal ved å gjennomføre stadleg tilsyn etter ei nærmare vurdering. Normalt vurderer Finanstilsynet då det innrapporterte forhold og gjennomfører kontrollar på andre oppdrag for å få eit breiare bilete av kvaliteten på rekneskapsføraren sitt arbeid. Ei rapportering eller anna signal kan også bli følgt opp av Finanstilsynet utan at det gjennomførast eit stadleg tilsyn. Dette gjeld i hovudsak i tilfelle der Finanstilsynet får melding om at ein autorisert rekneskapsfører eller rekneskapsførarselskap ikkje har oppfylt sin plikt til å levere sjølvmelding eller rekneskap i tide. (Finanstilsynet, 2009)

Lovkravet om at dagleg leiar i rekneskapsførarselskap skal vere autorisert blir følgt opp kontorbasert. Kvart andre år sender Finanstilsynet ut eit spørjeskjema til alle rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap som står oppført i Rekneskapsførarregisteret. Svara sendast inn via Altinn. Denne eigenmeldinga er for å bidra til at rekneskapsførarar overheld lovkrava, for eksempel pliktig etterutdanning og krav til organiseringa av verksemda. Dette skapar grunnlag for oppfølging overfor den enkelte rekneskapsfører. I tillegg dannar det dokumentbaserte tilsynet eit bilete av endringar som skjer i rekneskapsførarbransjen. Det blir laga ein oppsummerande rapport for kvart dokumentbaserte tilsyn som bli offentleggjort. (Finanstilsynet, 2009)

2.5 Etterutdanningskravet

Ein rekneskapsfører må til ei kvar tid vere oppdatert på endringar i det regelverket som gjeld for arbeidet hans. For å behalda autorisasjonen må ein autorisert rekneskapsfører tilfredstilla krava til etterutdanning, jf. rekneskapsførarlova § 5 og kapittel 4 i rekneskapsførarforskrifta. Ein autorisert rekneskapsfører skal til ei kvar tid kunne dokumentere minst 77 timar etterutdanning i løpet av dei tre føregåande kalenderåra. (Kristoffersen, 2014, ss. 173-174)

I tillegg omhandlar risikostyringsforskrifta og God Rekneskapsføringsskikk (GRFS) krav til at rekneskapsførarføretak løpande vurderer kva vesentlege risikoar som er knytt til verksemda og behovet for risikoreduserande tiltak. Dersom dagleg leiar er den einaste autoriserte, og såleis den einaste som kan vere oppdragsansvarleg, utgjer dette ein trussel for

rekneskapsførarkontoret fordi manglande etterutdanning kan føre til tilbakekall av autorisasjonen som rekneskapsfører. Rekneskapsførarselskap og autorisert rekneskapsfører som driv enkeltpersonforetak med tilsette medarbeidarar, må difor ha rutinar for å følgje opp etterutdanninga til dagleg leiar og oppdragsansvarleg rekneskapsfører. (Regnskap Norge, u.d.)

Oppfylgning av etterutdanningskravet er eit vilkår for å oppretthalde autorisasjonen som rekneskapsfører. Brot på kravet blir normalt sett på som ei grov overskriding av rekneskapsførar sine plikter etter lov og forskrift, og vil kunne medføre tilbakekall av autorisasjonen. At rekneskapsfører får tilbakekalla autorisasjonen sin inneber at vedkommande ikkje kan ta på seg rekneskapsføring for andre som ledd i næring, og omgåande må seie frå seg alle eksisterande oppdrag. Vedkommande kan heller ikkje lenger fungere som dagleg leiar, eventuelt fagleg leiar, eller oppdragsansvarleg i rekneskapsførarselskap. (Regnskap Norge, u.d.)

Tilbakekall og suspensjon av autorisasjon rekneskapsfører	2011	2012	2013	2014	2015
Tilbakekall rekneskapsførarar	170	10	11	200	10
Tilbakekall rekneskapsførarselskap	25	45	2	10	16
Suspensjon	0	0	1	2	1

Talet på vedtak er høgare dei åra det blir gjennomført dokumentbasert tilsyn.
 Tabell 2: Kjelde: (Finanstilsynet Årsmelding, 2015)

2.6 Rettvisande bilete


«Rekneskapan, som eit informasjonssystem, har som oppgåve å identifisere, samle inn, utarbeide og rapportere økonomisk informasjon til mange ulike brukarar.» (Kristoffersen, 2014, s. 17)

Dei enkelte opplysningane i årsrekneskapan skal vere korrekte. Vidare skal årsrekneskapan gi brukarane eit korrekt bilete av føretaket sitt resultat og stilling. Dette vert ivareteke ved at årsrekneskapan skal gi eit rettvisande og påliteleg bilete av den rekneskapspliktige finansielle stilling og resultat, jf. rekneskapslova § 3-2a. (Pedersen, Schwencke, Haugen, & Baksaas, 2014, s. 37)

For å vere konkurransedyktig har ei bedrift behov for korrekt informasjon om verksemda. Det er ein like viktig ressurs i ei bedrift som bygningar og utstyr. Ei bedrift har som føremål å tene pengar på verksemda si. I tillegg vil samfunnet ha ulike mål. Samfunnet sine mål er som regel

gitt gjennom lover eller retningslinjer som bedrifta må ta omsyn til i si verksemd. Desse måla kan vere knytt til redusert forureining av det ytre miljøet, arbeidsmiljøet, likestilling eller krav til eigarstyring og selskapsleiing. Rekneskapslovgivinga stiller krav både til bokføring, dokumentasjon, oppbevaring og rapportering av økonomisk informasjon. (Kristoffersen, 2014, s. 17)

Rekneskapet skal hjelpe brukarane til å kunne foreta betre avgjersler. Det er difor viktig at rekneskapsinformasjonen tilfredsstillar brukarane sine forskjellige informasjonsbehov. Finansrekneskap er eit rekneskap berekna på omverda. Finansrekneskapen er lovregulert og vert i Noreg kalla årsrekneskap. (Kristoffersen, 2014, s. 96)



Kjelde: (Kristoffersen, 2014, s. 96)

Med så mange forskjellige brukarar med så mange forskjellige interesser forstår me at det er viktig at rekneskapen er korrekt. Kravet om å gi eit rettvisande bilete inneber at det ikkje alltid er tilstrekkeleg å leggje fram eit rekneskap som følgjer konkrete lover og rekneskapsstandardar, derunder GRFS. I tillegg må føretaket grundig vurdere om den avlagte rekneskapen tilfredsstillar dei aktuelle informasjonsbehova på ein tilstrekkelig måte. Rekneskapslova (rskl) § 7-1 inneheld difor eit eksplisitt krav om å gi tilleggsopplysningar der dette er nødvendig for at årsrekneskapen skal gi eit rettvisande bilete. Det er også nødvendig med eit utdjupande notekrav dersom kravet om å gi eit rettvisande bilete har ført til at

føretaket har overstyrt ei lov i rskl. Kap. 4 til 7. (Pedersen, Schwencke, Haugen, & Baksaas, 2014, s. 37)

Norsk Regnskapsstiftelse eller NRS har som formål å utarbeide og utgi rekneskapsstandardarar, fortolke prinsipielle spørsmål i tilknytning til gitte standardarar og vere aktiv kunnskapsformidlar om nasjonale og internasjonale standardarar innan rekneskap og bokføring. (Revisjon.no, u.d.)

2.7 COSO-rapporten

COSO er ein amerikansk stiftelse som vart etablert i 1985 med bakgrunn i rekneskaps-, revisjon- og leiingsmiljø. Bakgrunnen for etableringa var ei rekke økonomiske skandalar der det vart avdekkja svært kritikkverdig økonomisk styring og kontroll. Typisk for desse skandalane var mangelfull og misvisande økonomisk rapportering til rekneskapsbrukarane. COSO fekk i oppdrag å utarbeide forslag til metodar og tiltak som kunne forbetre kvaliteten på finansiell rapportering, og som kunne gi betre sikkerheit for at verksemda vart leia i samsvar med kriterier for ”ordentlig og effektiv forretningsdrift”. I dette arbeidet vart det fokusert på verksemdsleiing, styrearbeid, etikk og intern kontroll. (Moen & Havstein, 2014, s. 97)

Resultatet av arbeidet vart presentert i COSO-rapporten Intern kontroll – eit integrert rammeverk som vart publisert i 1992. I rapporten vert det føreslege ein felles definisjon av intern kontroll, og det vert presentert ein modell for intern kontroll, som i dag gjerne kallast for COSO-modellen. Det overordna formålet med rammeverket var at det skulle vere eit hjelpemiddel for organisasjonar til å evaluere og forbetre sine styrings- og kontrollrutinar. COSO-modellen har i dag etablert seg som ein standard for utforming av intern kontroll som blir brukt av organisasjonar både i privat og offentleg sektor. Gjennom COSO-rapporten er det oppnådd å skape ein felles definisjon av omgrepet intern kontroll og dei komponentane som inngår i eit internt kontrollsystem. (Moen & Havstein, 2014, s. 98)

Skal rekneskapsrapportane tilfredsstillere alle kvalitetskrav, må det både i og rundt rekneskapsystemet vere etablert behandlingsrutinar og kontrolltiltak som ivaretek desse omsyna i tilstrekkeleg omfang. Det er for eksempel ikkje gitt at salet er fullstendig bokført. Her må det etablerast kontrollar som sikrar fullstendigheit heilt frå ordren blir motteke og til

salet er bokført som inntekt i rekneskapen. Det er heller ingen automatikk i at salsinntekta er nøyaktig og riktig periodisert. Det må etablerast kontrollar som sørger for at kvar enkelt sals-transaksjon vert bokført på dei rette kontoane, med rett beløp og i rett periode. Kontrollane vil kunne vere både av manuell art og automatiserte kontrollar som er innlagt i IT-systemet. Etablering av kontrollar må alltid bygge på ei vurdering av kvar risikoen for feil er størst. (Moen & Havstein, 2014, s. 192)

Gjennom risikovurderinga vert det identifisert moglege feil og dei økonomiske konsekvensane av at desse inntreffer. Alle kontrolltiltak er forbunde med kostnader, og for å få eit mest mogleg kostnadseffektivt kontrollsystem må kontrollane rettast inn der risikoen for feil og dei potensielle tapa er størst. Denne tankegangen må vere med i vurderinga av korleis kvalitetskrav best kan oppfyllest. (Moen & Havstein, 2014, ss. 118-119)

2.8 Kvalitetskontroll

Formålet med kvalitetskontrollen er å sørge for at autoriserte rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap utøver verksemda i samsvar med autorisasjonsordninga si hensikt og rekneskapsførarlova sine vedtak. (Moen & Havstein, 2014, s. 254)

I tillegg til rekneskapsførerregelverket kjem krava til kvalitetskontroll som er eit viktig verkemiddel for å sikre eit tryggande fagleg og yrkesetisk nivå hjå rekneskapsførarar. Autoriserte rekneskapsførarar er underlagt tilsyn etter Finanstilsynslova § 3, og Finanstilsynet skal sjå til at verksemdar underlagt tilsyn verkar på ein hensiktsmessig og tryggande måte. Det inneberer at rekneskapsførarverksemda ”driv si verksemd i samsvar med lov og vedtak gitt i medhald av lov, samt med den hensikt som ligg til grunn for institusjonen sin oppretting, formål og vedtekter”. Ut frå lovteksten kjem det fram at det ikkje er tilstrekkelig å drive verksemda i samsvar med lovgjevinga, det skal også vurderast om den vert driven hensiktsmessig for verksemda sjølv, og at den er tryggande med omsyn til korleis arbeidet vert utført. Ved å følge lovgjevnaden og krava i God Rekneskapsførarskikk (GRFS) vil oppgåva normalt oppfylle krava til å vere tryggande. Kontrollen av dei som er medlemmer av Regnskap Norge (RN, tidlegare NARF), vert gjennomført i samarbeid med Finanstilsynet og RN. Resultatet av kvalitetskontrollen vert publisert på Finanstilsynet si heimeside. (Moen & Havstein, 2014, s. 254)

I følge GRFS 7.2, skal det i tillegg til ekstern kontroll av rekneskapsførerverksemda, blir det også stilt strenge krav til arbeidet som rekneskapsføreren utfører, i form av intern kvalitetskontroll. Dersom arbeidet blir utført av andre enn oppdragsansvarleg rekneskapsfører, skal oppdragsansvarleg rekneskapsfører utføre kvalitetskontroll av det utførte arbeidet, eventuelt sjå til at slik kontroll blir utført av ein eller fleire andre autoriserte rekneskapsførarar. Kvalitetskontroll av medarbeidaren sin oppdragsutføring skal minst omfatte:

- Oppdragsutføring; gjennomført fakturering, lønsregistrering, bokføring, avstemming, årsoppgjer med meir.
- Rapportering; gjennomført pliktig rekneskapsrapportering og rapportering til oppdragsgjevar.

Frekvens og omfang av kvalitetskontrollen kan variere, basert på ei dokumentert vurdering av medarbeidaren sin kompetanse, kapasitet og erfaring, samt oppdragsgjevar sine rutinar og oppdraget sin kompleksitet. Det må gjennomførast kvalitetskontroll for kvart rekneskapsår, og minimum i forbindelse med avslutning av rekneskapsåret. Rekneskapsførerverksemda bør vurdere kvalitetskontrollar retta mot arbeid utført av oppdragsansvarleg rekneskapsfører. Dette er spesielt aktuelt på oppdrag der det ikkje er ein revisor som etterkontrollerer rekneskapsen. Dersom det ikkje er andre i rekneskapsførerverksemda som kan utføre kvalitetskontroll av arbeid utført av oppdragsansvarleg rekneskapsfører, bør det vurderast å bruke sjekklister. Dette er spesielt aktuelt knytt til årsoppgjeret, derunder ved utarbeiding av årsrekneskap og/eller likningsoppgåver. (Økonomiforbundet, Regnskap Norge, Revisorforeningen, 2014)

Regnskap Norge er ein profesjons- og bransjeforeining for autoriserte rekneskapsførarar i Noreg. Dei har 7 300 medlemmar med autorisasjon, og majoriteten av desse har sitt daglege virke i rekneskapsbransjen. RN tilbyr også studentmedlemskap. Regnskap Norge driv eit omfattande kvalitets- og informasjonsarbeid, gjev fagleg støtte til medlemmane og følgjer bransjeutviklinga tett. Foreininga varetek også medlemmane sine interesser overfor myndigheiter og politiske institusjonar, og er ein viktig høringsinstans. (Regnskap Norge, u.d.)

2.9 God Rekneskapsføringsskikk (GRFS)

Det følger av rekneskapsførerlova § 2 andre ledd at ein autorisert rekneskapsfører skal utføre sine oppdrag i samsvar med God Rekneskapsføringsskikk (GRFS). Standarden for God Rekneskapsføringsskikk (GRFS) er utarbeida av eit bransjestandardutval.

Bransjestandardutvalet består av Regnskap Norge, Økonomiforbundet og Den norske revisorforeininga. Bransjestandardutvalet har som føremål å utarbeide, ajourføre og vidareutvikle standarden for rekneskapsførerbransjen. Bransjestandarden skal bidra til å fremja forsvarleg rekneskapsføring og kvalitet i rekneskapsførerbransjen. (Moen & Havstein, 2014, s. 244)

Standarden sitt formål, jf. GRFS 1.1.3, er å gi uttrykk for kva krav ei rekneskapsførerverksemd skal oppfylle for å ta på seg rekneskapsføreroppdrag, samt kva rekneskapsførerverksemda normalt skal leggje til grunn som god praksis ved oppdragsutføringa. Standarden skal medverka til at oppdragsgjevar får rekneskapstenester av høg kvalitet, med gode rekneskapsprodukt som resultat. Standarden gjeld alle som er autorisert som rekneskapsførarar i følgje rekneskapsførerlova, men er avgrensa til verksemd som i næring fører rekneskap for andre. Rekneskapsførerverksemda må sørge for at alle rekneskapsføreroppdrag blir utført i samsvar med standarden, derunder oppgåver som ikkje blir utført av autoriserte rekneskapsførarar. Innhaldet i standarden kan også vere eigna som kvalitetsnorm hjå verksemdar som utfører rekneskapsføring internt. Rekneskapsførarføretak som er organisert som selskap, må i tillegg til God Rekneskapsføringsskikk (GRFS) forhalde seg til risikostyringsforskrifta. (Økonomiforbundet, Regnskap Norge, Revisorforeiningen, 2014)

2.10 Risikostyringsforskrifta

Risikostyringsforskrifta omhandlar risikostyring og internkontroll, denne seier noko om:

- kven forskrifta gjeld for
- kven som har ansvar for risikostyring og internkontroll i bedrifta
- kva som er vesentlege risikoar, gjennomføring og dokumentasjon av kontrollen
- kven som skal ha internrevisjon og gjennomføring av den og om unntak frå denne.

Denne forskrifta vart gjort gjeldande frå 01.01.2009 og omfattar ikkje enkeltpersonføretak. (Lovdata.no, 2009)

I følge risikostyringsforskrifta § 6 skal føretaket løpande vurdere kva vesentlege risikoar som er knytt til verksemda. Som vesentleg risiko reknast forhold der anten rekneskapsførarverksemda eller kunden kan kome i ein kritisk situasjon dersom risikoen inntreffer. Intern kontroll er ein prosess, utført av styret, leiarane og tilsette, som er utforma for at føretaket skal oppnå måla sine. Leiarar bør aktivt engasjere seg i vurderinga av internkontrollen innanfor sitt eige ansvarsområde, jf. risikostyringsforskrifta § 7. Vurderinga av internkontrollen skal dokumenterast, jf. risikostyringsforskrifta § 8. Dagleg leiar skal minst ein gang i året utarbeide ei samla vurdering av risikosituasjonen i føretaket som skal leggast fram til styret for behandling. (Moen & Havstein, 2014, s. 245)

2.11 Kvitvaskingslova

Kvitvaskingslova er ei anna lov som rekneskapsførarar må forhalde seg til. Denne vart innført i Noreg den 15. April 2009, etter at EU vedtok eit nytt kvitvaskingsdirektiv. (Kristensen, 2009). Dei rapporteringspliktige, som mellom anna omfattar autoriserte rekneskapsførarar og statsautoriserte og registrerte revisorar som kjem fram av Kvitvaskingslova §4 (heretter forkorta kvvl), er pliktige til å foreta kundekontroll ved etablering av nye kundeforhold der kunden sin identitet skal bekreftast. Lova omfattar også transaksjonar over kr 100 000 dersom den rapporteringspliktige ikkje har eit etablert kundeforhold. Det er plikt om å ha løpande oppfølging av eksisterande kundeforhold jf. kvvl. §14, her under kontrollere at transaksjonar som ikkje er i samsvar med verksemd som blir utført, skal undersøkast nærmare. Dersom ein her mistenker ein straffbar handling, skal dette undersøkast vidare, og enten bekrefte eller avkrefte mistanken. I kvvl. §23 er det framstilt krav om at dei rapporteringspliktige har internkontroll- og kommunikasjonsrutinar. Om den rapporteringspliktige ikkje rapporterer ved mistanke, kan dette medføre bøter og fengsel i opptil eit år. (Hvitvasking.no, 2009)

Lova pålegg personar og føretak undersøking- og rapporteringsplikt, og kven som er rapporteringspliktige, er gitt i §4. Det omfattar mellom anna finansieringstiltak, revisorar, advokatar, eksterne rekneskapsførarar, skatterådgjevarar og eigedomsmeklarar. Hensikta med undersøking- og rapporteringsplikta er å gjere det enklare å avdekke økonomisk motivert kriminalitet og å hindre at finansinstitusjonar og andre rapporteringspliktige blir misbrukt til gjennomføring av kvitvasking.

Dei rapporteringspliktige er i lova pålagt å gjennomføre:

- Kundekontroll ved etablering av kundeforhold
- Risikobasert kundekontroll
- Registrering og oppbevaring av opplysningar som innhentast ved etablering og oppfølging av kundeforhold
- Undersøking og rapportering ved mistenkelege transaksjonar
- Etablere kontroll og kommunikasjonsrutinar som sikrar oppfyljing av pliktene og vedtak i lova

(Hvitvasking.no, 2009)

2.12 Dokumentasjon

Oppdragsdokumentasjonen skal i følge GRFS 6.0, innehalde vesentlege opplysningar om oppdragsgjevar og rekneskapsføraroppdraget. Oppdragsdokumentasjonen skal vidare dokumentere det arbeidet som rekneskapsførar har utført for oppdragsgjevar.

Oppdragsdokumentasjonen bør fungere som eit hensiktsmessig verktøy i det løpande arbeidet på oppdraget.

Dato for gjennomføring av sentrale oppgåver skal dokumenterast, derunder:

- Avstemming, eventuelt kontroll av at nødvendige avstemming er gjennomført av andre
- Produksjon av oppgåver og rapportar
- Kvalitetskontroll

Framdriftsoversikta vil mellom anna underbygge at arbeidet er utført til den tid som følgjer av oppdragsavtalen og krav gjeve i, eller i medhald av lov.

Oppdragsdokumentasjonen skal minst innehalde:

- Risikobasert kundekontroll (identitetskontroll)
- Uttale frå tidlegare rekneskapsførar, eventuelt grunngjeving for at slik uttale ikkje er innhenta
- Oppdragsavtale med eventuelle endringar, vedlegg mv.
- Fullmakt og fullmaktsoversikt
- Grunngjeving for avvik frå standardens obligatoriske krav

- Framdriftsoversikt
- Oversikt over mottak og utlevering av oppdragsgjevar sitt rekneskapsmateriale
- Vurdering av oppdragsgjevar sine interne rutinar
- Undersøking og rapportering ved mistanke om at ein transaksjon har tilknytning til forhold som blir omfatta av kvitvaskingslova
- Dokumentasjon av gjennomført kvalitetskontroll

(Økonomiforbundet, Regnskap Norge, Revisorforeningen, 2014)

Oppdragsdokumentasjonen er eit viktig verktøy i det løpande arbeidet med rekneskapen og er ein av nøklane til å drive eit rekneskapskontor med god kvalitet og lønnsemd, samt å kunne tilfredstille kundar og medarbeidarar. Rekneskapsfører sin oppdragsdokumentasjon består av følgjande, i følge GRFS 2014

1. Faste opplysningar, derunder oppdragsavtale, framdriftsskjema og kvalitetskontrolldokumentasjon
2. Avstemming av eigedelar, derunder naudsynte spesifikasjonar til desse
3. Avstemming av gjeld, derunder naudsynte spesifikasjonar til desse
4. Avstemming av resultatkonti
5. Årsrekneskapen med lovbestemde utgreiing og likningsoppgåver, derunder springsspesifikasjonar til årsrekneskap og næringsoppgåve
6. Pliktige spesifikasjonar
7. Budsjett og periodiske rekneskapsrapportar
8. Revisor sin korrespondanse
9. Annan korrespondanse

(Revisjon og regnskap, 2011)

2.13 Oppdragsavtale og fullmakter

Rekneskapsførerlova krev at det skal opprettast skriftleg oppdragsavtale med alle kundane. Avtalen skal angi kva oppdraget skal bestå av, og det må gå fram at oppdragsgjevar sitt eige ansvar ikkje på nokon måte vert redusert ved at det blir brukt ekstern rekneskapsfører. Oppdragsavtalen skal vidare innehalde opplysningar om kva fullmakter rekneskapsføreren skal ha, og desse fullmaktene må vere dokumenterte. Dette punktet inneheld elles vedtak om

endringar i avtaleperioden eller om avtalen blir misleghalden. (Moen & Havstein, 2014, s. 245)

Det spesielle med oppdragsavtalen er at den er eit levande dokument, jf. GRFS 3.4. Den skal til ein kvar tid reflektere kva oppgåver ein rekneskapsfører faktisk utfører for kunden. Om kunden ynskjer ei endring i tenestene, skal dette takast inn i oppdragsavtalen uavhengig av omfanget av justeringa. Dersom oppdraget er vesentleg endra, er det krav om ein heilt ny oppdragsavtale. Ved mindre justeringar kan det vere nok å notere dette inn i ein eksisterande avtale, med ei datering og kvittering for endringa. Dette samsvaret mellom oppdragsavtale og utføring gjer difor avtalen til eit dokument ei skal ha løpande oppfølging av. (Økonomiforbundet, Regnskap Norge, Revisorforeningen, 2014)

2.14 Teieplikt

Rekneskapsførarar og medarbeidarar er pålagt teieplikt om alt dei får kjennskap til, anten det gjeld oppdraget dei er engasjert i, eller om det gjeld andre oppdrag rekneskapsførerverksemda ivaretek, jf. § 10. Teieplikta kan berre fråvikast dersom det følgjer av, eller i medhald av lov, eller der vedkommande opplysninga gjeld for, har samtykka. Eksempel på unnatak frå teieplikta er at rekneskapsfører er pålagt å gi offentlege kontrollmyndigheiter nødvendig bistand til innsyn i rekneskapssystemet og oppdragsgjevar rekneskapsmateriale, samt stille utstyr og programvare til disposisjon. Desse pliktene er avgrensa til det arbeidet rekneskapsførerverksemda har utført, samt det materialet og dei systema rekneskapsfører rår over. Brot på teieplikta straffast etter § 14. Rekneskapsfører har rapporteringsplikt til Økokrim etter Kvitvaskingslova ved mistanke om at transaksjonen har tilknytning til utbytte av ei straffbar handling eller til terrorfinansiering. Teieplikta gjeld ikkje for slike tilfelle, under føresetnad av at opplysningane er gitt i god tru. (Moen & Havstein, 2014, s. 246)

2.15 Avstemming

Pliktig rekneskapsrapportering omfattar rekneskapsrapportering etter fylgjande lover, jf. bokføringslova § 3 og forskrift om bokføring § 2 – 1:

- Rekneskapslova av 17. juli 1998 nr. 56

- Meirverdiavgiftslova av 19. juni 2009 nr. 58
- Likningslova av 13. juni 198 nr. 4
- Skattebetalingslova av 17. juni 2005 nr. 67
- Folketrygdlova av 28. februar 1997 nr. 19

Som pliktig rekneskapsrapportering reknar ein mellom anna eit årsrekneskap, ei næringsoppgåve, ei omsetningsoppgåve eller ei A-melding som er utarbeida etter gjeldande lover. (Kristoffersen, 2014, s. 104)

Avstemming inneberer å samanlikne to eller fleire einingar med kvarandre, og å behandle eventuelle avvik slik at informasjonen blir korrekt behandla og presentert. Eit eksempel er ei bankavstemming. Ved bankavstemming bli bokført bankbeholdning i verksemda sitt rekneskap samanlikna med kontoutskrift frå banken. Formålet med ei avstemming er å sikre fullstendigheit og nøyaktigheit ved gjennomføring av transaksjoner. (Kristoffersen, 2014, s. 278)

Rekneskapsfører skal innanfor alminnelege rammer sjå til at bokførte opplysningar (bilag/bokføringsgrunnlag) tilfredsstillar krav gitt i, eller i medhald av lov, og elles vise dei bokførte opplysningar sin faktiske eksistens, i følgje GRFS 5.7. Ved mangelfull dokumentasjon skal rekneskapsfører innhente eller utarbeide ytterlegare dokumentasjon for å underbygge bokførte opplysningar. (Økonomiforbundet, Regnskap Norge, Revisorforeningen, 2014)

Vidare i GRFS 5.7 heiter det at; ved bokføring av transaksjonar og andre rekneskapsmessige disposisjonar skal rekneskapsfører innanfor alminnelege rammer ta stilling til bruk av bokføringskontoar, balanseføringa kontra resultatføring (aktivering/kostnadsføring), samt skatt- og avgiftsmessig behandling. Eventuelle uklarheiter med oppdragsgevar skal avklarast. (Økonomiforbundet, Regnskap Norge, Revisorforeningen, 2014)

2.16 Verktøy kvalitetssikring

Etterkvart som teknologien har utvikla seg, er det komne stadig fleire teknologiske hjelpemiddel for å gjere det enklare for rekneskapsføraren å sikre at arbeidet blir utført i tråd med gjeldande lover og forskrifter. Blant desse hjelpemidla finn me mellom anna

programvara PowerOffice. Dette programmet inneheld etableringsretteiing for oppdragsavtalar, moglegheit for planlegging av oppgåver som skal utførast med fristliste med påminningsfunksjon når fristar nærmar seg, elektronisk kundeperm der alle dokumenta er, dokumentasjon av utført arbeid og kommunikasjon med kunden, samt risikostyring i samsvar med lovpålagt risikostyring. Programvaren KS Komplett frå Regnskap Norge er integrert i PowerOffice, slik at avstemmingsskjema kan oppdaterast fortløpande, samtidig som rekneskapsførar enkelt kan dokumentere oppgåver som er utført. (PowerOffice, u.d.)

KS Komplett er eit dataverktøy som er utvikla for å hjelpe rekneskapsførar til å kvalitetssikre kontordrifta og oppdragsutføringa. Programvaren er nyttig som eit dagleg verktøy og dekker prosessen frå utarbeiding av tilbud til opphøyr av kundeforhold. KS Komplett inneheld forslag til interne rutinar og hjelpemiddel og malar. Den viktigaste funksjonen til KS Komplett er å syte for at krava som rekneskapsførarlova og bransjestandarden God Rekneskapsføringsskikk stiller til regnskapsbyrået faktisk blir oppfylt. (Regnskap Norge, 2016)

Finale avstemming er eit program for avstemming som er integrert med dei fleste økonomisystem på marknaden. Det hentar nødvendige data, avstemmer automatisk og overfører desse direkte til rett stad i ferdige rekneskapsmalar frå KS Komplett. Programvaren effektiviserer avstemmingsarbeid, får betre kontroll og fullstendig automatikk ved utfylling av KS-skjema. (Finale Avstemming, 2016)

2.17 Oppslagsverk

Rekneskapsførarane har ulike elektroniske oppslagsverk som dei kan bruke i utføringa av arbeidet. Me nemner nokre av desse. Sticos Oppslag er ei praktisk tilnærming til regelverket og tilbyr ein søkefunksjon som genererer informasjon om problemstillingar ein lurar på. Sticos Oppslag tilbyr utfyllande forklaringar og forslag til kontering og mva-behandling. Ein finn også aktuelle skatte- og avgiftssatsar samt faglitteratur som LønnsABC, LigningsABC og Meirverdiavgiftshandboken. Programmet inneheld dessutan ein omfattande skjemadel og mange nyttige kalkulatorar. (Sticos, u.d.)

Eit anna oppslagsverk som rekneskapsførarar kan nytte seg av, er Infotenester. Desse dekker behandling av mva og skatt på alle transaksjonar og spørsmål ved årsregnskap, samt behandling av lønnsytingar, refusjonar og godtgjersler. (Infotjenester, u.d.)

3.0 Metode

3.1 Val av forskingsmetode

Når me skulle velje forskingsmetode, tok me utgangspunkt i problemstillinga vår og det me ønskte å finne svaret på. Kvantitativ forskingsmetode er prega av struktur og kontroll, der formålet er å kunne generalisere ut i frå datamaterialet som kjem fram av undersøkinga. Datainnsamling i ei kvantitativ undersøking består av spørjeundersøkingar eller meiningsmålingar, der undersøkinga er utforma slik at spørsmåla er korte med fleire svaralternativ. På denne måten eignar kvantitative undersøkingar seg godt til å kartlegge større delar av befolkninga. Denne forma for forskingsdesign vil ikkje passe vår problemstilling, sidan me ynskjer å få fram ulike nyanser og gå i djupna. (Jacobsen, 2015)

Formålet med kvalitativ forskingsmetode er å undersøke og skildre opplevinga og erfaringar. Her vil ein dermed gå i djupna på temaet me har valt, i motsetning til kvantitativ forskingsmetode. Data i ei kvalitativ undersøking er prega av nærleik til intervjuobjekta, og består oftast av mange opplysningar frå få undersøkingseiningar. Opne individuelle intervju eignar seg godt til å få fram enkeltindivid sine tolkingar av eit fenomen. Denne forma for intervju avklarar kva den enkelte meiner om ulike forhold. Dermed er også metoden nært knytt til det me tidlegare kalla eit fortolkande eller konstruktivistisk syn på vitenskap. (Jacobsen, 2015, s. 147)

Me visste at me ville lage ei undersøking som gjekk i djupna og fekk fram nyanserte data. Det var difor me valde å bruke kvalitativ metode med djupneintervju, for å få fram ulike tankar og haldningar til intervjuobjekta. Problemstillinga vår er av undersøkende art, det vil seie me ønska å gå i djupna i eit tema me visste lite om. Det vart difor naturleg å gjennomføre opne individuelle intervju med rekneskapsførarar med lang erfaring i bransjen. Bakgrunnen for valet av denne forma for undersøking, er at me ønskjer å få fram dei forskjellige rekneskapsførarane sine tankar og haldningar, samt å avdekke korleis dei ulike kontora praktiserer kvalitetskontroll. Ved å bruke kvalitativ metode er me heile vegen fleksible i vår undersøking og når me opprettheld nærleik til intervjuobjekta, har me moglegheita til å tilpasse undersøkinga og få utfyllande informasjon der me treng det.

Det er ikkje berre fordelar forbunde med kvalitative undersøkingar, me visste at denne forma for undersøkingdesign ville bli ressurskrevjande. Djupneintervju er tidkrevjande, dei fleste

av våre intervjuobjekt godtok at me gjorde opptak av samtalen me hadde med dei. På denne måten sparte me tid når me gjennomførte intervju, fordi me slapp å ta pausar for å notere. Det er også utfordringar i ein kvalitativ undersøking sidan me har så få respondentar, og det vil derfor vere vanskeleg å seie om respondentane er representative for andre enn seg sjølv. Ei anna ulempe er at den informasjonen ein får inn, er vanskeleg å tolke på grunn av sin nyanserikdom. (Jacobsen, 2015, s. 131)

Personlege intervju får fram den enkelte respondenten sine haldningar og oppfatningar, utan at det blir teke omsyn til den sosiale samanhengen. Når me intervjuar mange respondentar separat og individuelt, får me også ei samling med individuelle synspunkt. Dersom me gjennom individuelle intervju meiner me har fått tak i kva ei gruppe har av meiningar, kan me ha problem med gyldigheita. (Jacobsen, 2015, ss. 146-147)

3.2 Utval

Personlege, individuelle intervju er tidkrevjande. Eit intervju kan fort ta mellom ein og to timar, ofte meir. Dessutan må undersøkaren bruke tid til å administrere det enkelte intervjuet. Tidspunkt for møtet må avtalast, det må ordnast med eit rom der intervjuet kan gjennomførast, undersøkaren må rekne tid på reising, osv. Ofte går det like lang tid til å administrere intervjuet som det går med til å foreta sjølve intervjuet. I tillegg vil personlege og opne intervju som regel gi store datamengder i form av omfattande notatar eller lydbandsopptak. Dette avgrensar talet på respondentar me kan intervjuje. Me kan risikere å ende opp med så mykje informasjon at me ikkje klarar å få oversikta. (Jacobsen, 2015, s. 146)

Etter å ha valt undersøkingsmetode, må me no sjå kven undersøkinga omfattar. Me valde å foreta eit ikkje-sannsynsutval når me skulle velje intervjuobjekt. Faren ved denne forma for utval er at me ikkje kan generalisere dei funna me har gjort, og me må stille oss kritiske til resultata av undersøkinga.

Ved utval av rekneskapskontor føretok me eit «bekvemmelighets»-utval, rett og slett fordi desse bedriftene var enklast å få tak i. I forkant av intervjuja tok me kontakt med bedriftene og fekk kontakt med ein person som kunne representere kontoret, og på denne måten visste me at det var stor sannsyn for å få til eit intervju. Her prøvde me å få intervjuja rekneskapsførarar frå

bedrifter av ulik storleik, samt nokre kjedeuavhengige og nokre kontor tilknytt kjede. På denne måten prøvde me å sikre eit større omfang av data frå undersøkinga. Når me kontakta dei ulike rekneskapskontora ønska me først og fremst å sikre at intervjuobjekta hadde lang erfaring innanfor bransjen, samt at vedkommande hadde vore tilsett på rekneskapskontoret ei stund, slik at det hadde kjennskap til kontoret. Gjennom desse kriteria håpa me å få innsikt i korleis dei sikrar at dei held seg oppdatert og korleis dei arbeidar med kvalitetssikring.

3.3 Datainnsamling

Det opne individuelle intervjuet er kjenneteikna ved at undersøkar og respondent pratar saman som i ein vanleg dialog. Dei data som blir samla inn, kjem i form av ord, setningar og fortellingar. Vanlegvis føregår dette intervjuet ansikt-til-ansikt, men det kan også skje via telefon, e-post eller over Internett. Partane kommuniserer om ulike forhold, og undersøkaren noterar kva respondenten seier. Det leggest ingen eller svært få avgrensingar på kva respondenten kan seie. Dei resultata undersøkaren sitt att med, er ein mengde notatar, e-postar og/eller lydbandopptak som skal analyserast. (Jacobsen, 2015, s. 146)

Ved innsamling av data har me gjennomført fire av intervjua som personlege intervju, medan det siste av intervjua vart gjennomført per e-post. Årsaken til at ikkje alle intervju kunne gjennomførast personleg var at vedkommande viste seg vanskeleg å få tak i. Ut i frå problemstillinga vår bestemte me oss for å sette opp punkt me ønska å få utdjupa. Neste steg vart då å utforme spørsmåla. Me var heile vegen opptekne av at spørsmåla måtte formulerast tydeleg slik at me med sikkerheit kunne vite at respondentane oppfatta spørsmåla rett. Dette var svært vesentleg på intervjuet som vart sendt per e-post. Det var også viktig at desse spørsmåla var formulert slik at me sikra oss mest mogeleg informasjon frå respondentane.

Me tok kontakt med fem ulike rekneskapskontor, av ulik storleik, der nokre var tilknytt kjede og nokre ikkje. Me informerte om oppgåva vår og problemstillinga, og spurte om me kunne intervju ein tilsett med lang erfaring i bransjen og som hadde vore tilknytt kontoret ei stund. Intervjuobjekta viste stor interesse, og syns dette var eit spennande tema. Me avtalte tid for intervju, og sende ut spørsmåla på førehand. Dei personlege intervjua vart gjennomført på rekneskapskontoret til den respektive respondenten. På denne måten var rammene rundt intervjuet trygge for intervjuobjektet. Tre av fire godtok at me gjorde opptak av samtalen,

medan ein føretrakk at me noterte. Fordelen med opptak er at ein kan transkribere intervjuet når som helst i ettertid, medan når me tok notatar var me avhengige av å få utfyllande informasjon der me hadde notert stikkord og såleis måtte dette gjennomførast like etter intervjuet var gjennomført, medan me framleis hadde det ”friskt i minnet”.

Me hadde også avklart på førehand med respondentane at me kunne ha ein open dialog i etterkant av intervjuet, slik at dersom noko var uklart eller me trengde å stille oppfølgingsspørsmål, kunne me få utfyllande informasjon der me trengde det.

Enkelte vil påpeika at å pre-strukturere intervjuet er ein form for lukking av datainnsamling, og at undersøkaren difor strider mot den kvalitative metoden sitt ideal. To motargument kan trekkast fram. For det første vil ein tilnærming utan nokon form for å strukturere føre til at data ein finn blir så komplekse at dei blir nesten umoglege, eller i alle fall svært ressurskrevjande å analysere. For det andre kan det hevdast at det alltid vil førekomme ein viss form for pre-struktur, sjølv om denne er ikkje er bevisst. Å pre-strukturere data betyr ikkje nødvendigvis at datainnsamlinga blir lukka, meir at enkelte aspekt ved intervjuet eller observasjonssituasjonen blir satt i fokus. (Jacobsen, 2015, s. 149)

Me delte spørsmåla i intervjuguiden inn i fem deler. Første og andre del bestod av spørsmål for å kartlegge intervjuobjektet og bedrifta. Dette gjorde det enklare å få oversikt over bedrifta sin bakgrunn, samt bakgrunnen til intervjuobjektet. Tredje del var arbeidsoppgåver og korleis dei tilsette i bedrifta gjennomfører kvalitetskontroll. Fjerde del omfatta fagleg oppdatering og syn på å vere knytt til ei kjede eller ikkje. Femte del var ein open del. Her hadde intervjuobjekta moglegheit til å kome med kommentarar utover spørsmåla våre.

3.4 Litteratur

For å finne sekundærdata brukte me databaser for å søke etter informasjon. Me tok først utgangspunkt i databasen me hadde tilgang til via biblioteket ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, Oria, her kan ein finne artiklar, avhandlingar, bøker, masteroppgåver og tidsskrift. Me fann noko, men det var avgrensa med informasjon på området me ønska å undersøke. Me gjekk vidare til Regnskap Norge sine heimesider, for å finne mest mogleg relevant informasjon, her brukte me søkeord som: rekneskapsføring, GRFS, kvalitetskontroll,

autorisasjon. På denne måten enda me opp med ein del artiklar som hadde ein del interessant informasjon.

Vidare søkte me i Google og Google Scholar. Søkorda me brukte var sentrert rundt rekneskap og kvalitet. Vidare søkte me etter informasjon frå nettsider til Finanstilsynet og Revisjon.no. Databasen me hadde tilgang til via skolen sine nettstader har me sett på som sikre kjelder. Eksempel på litteratur me har henta herifrå er funne i tidskriftet Revisjon og Regnskap som blir gitt ut av Revisorforeininga.

3.5 Validitet og reliabilitet

I vår kvalitative studie har me forsøkt så langt det let seg gjere å unngå feilkjelder, sjølv om dette kan oppstå i alle studiar. Feilkjelder kan oppstå ved at for eksempel intervjuobjektet ikkje har oppfatta spørsmålet riktig, eller at ein som intervjuar ikkje har forstått svaret frå respondenten rett. I vår studie ser me at det kan ha oppstått feilkjelder. Me prøvde å ta høgde for at spørsmåla våre ikkje vart oppfatta slik dei var tenkt. Dette prøvde me å unngå ved å utveksle e-postadresser, slik at me kunne kontakte kvarandre om noko var uklart. Me gjennomførte også ei prøverunde der me testa spørsmåla våre på andre, der formålet var å ekskludere moglegheita for kjelder til feil.

Til tross for at me har hatt moglegheit til å stille oppfølgingsspørsmål ved eventuelle uklarheiter, og at me har hatt ein open dialog med respondentane i ettertid, kan det likevel vere ein risiko for at me har tolka svara feil og ikkje har oppfatta nøyaktig kva intervjuobjektet har meint. Når me har stilt oppfølgingsspørsmål, har dette føregått pr. e-post, dette styrkar sjansen for at respondenten får fram det vedkommande vil skal komme fram, sidan vedkommande får uttrykt seg skriftleg.

Under gjennomføringa av intervjua våre, ser me at respondentane kan ha opplevd spørsmåla våre som ubehagelige, sidan me har valt å fokusere på kvalitet i rekneskap, der det vil bli avslørande om me skulle oppdage at bedriftene opererer på sida av lovverket. Det er lagt klare føringar på arbeidet som rekneskapsføraren utfører og kva som må vere på plass for eit oppdrag, korleis rekneskapsførar skal halde seg oppdatert osv. Me må difor vere merksame på

at intervjuobjekta uttalar seg med omsyn til firmaet sitt beste, sidan dei uttalar seg om organisasjonen dei er ein del av.

Ei anna side av validiteten, er om undersøkinga har målt det som var hensikta å måle. For å minimere sjansen for å kome på avvege, er det viktig med godt forarbeid før ein set i gang med undersøkinga. For å halde eit stabilt og målretta arbeid gjennom undersøkinga, lagde me ei punktvis oversikt over kva oppgåva skulle omhandle og skisserte ei problemstilling. Vidare gjorde me oss kjende med tema og skisserte moglege hypotesar med bakgrunn i tema og problemstilling.

Reliabilitet eller pålitelegheit er ei utfordring i personleg intervju, då ein kan oppleve at ein intervju effekt kan påverke resultatane av undersøkinga. Intervju effekt oppstår når den som intervjuast, blir påverka av den som intervjuar, korleis denne ser ut, er kledd, pratar, brukar kroppsspråk osv. Ein intervjuar som verkar aggressiv og pågåande, kan skape heilt andre resultat enn ein som verkar uinteressert. Ein annan utfordring i intervjusituasjonen er om konteksten er kunstig eller naturleg. Ein kunstig kontekst betyr at observasjonen eller intervjuet føregår i ein samanheng som er uvanleg for undersøkingsobjektet. Difor vil mange føretrekkje å gjere intervju i ein meir naturleg samanheng, f.eks. heime hjå respondenten, på arbeidsplassen deira eller andre stadar dei vankar til dagleg. Utfordringa med naturlege kontekstar er at dei ofte kan innehalde element av forstyrning. På jobben vil telefonen ringe og kollegaer komme innom kontoret, osv. (Jacobsen, 2015, s. 243)

Sjølv om me har vore bevisst under dei ulike prosessane for å auke validiteten og reliabiliteten til funna og oppgåva vår, kan me ikkje vere heilt sikre på at me har unngått alle feil som kan ha oppstått under forskingsprosessen. Me kan aldri vere heilt sikre på om det er sider ved problemstillinga som ikkje blir kasta lys på i vår undersøking. Me kan aldri vere heilt sikre på om intervjuobjekta har oppfatta spørsmåla riktig, og om me som forskarar har oppfatta svare me fekk av respondentane våre slik dei var tenkt. Det er difor viktig at forskar er klar over svakheitene, og under heile undersøkinga prøvar å minimere sjansen for feil undervegs.

3.6 Etikk

Etiske val må ein forskar ta gjennom heile forskingsprosessen, på same måte som ein også må foreta ein del praktiske val. Den knappaste ressursen i alle undersøkingar er tid. Dei aller fleste undervurderer kor tidkrevjande ein undersøkingsprosess er. (Jacobsen, 2015, s. 58)

Dei forskningsetiske retningslinjene er utarbeida av Den Nasjonale Forskingsetiske Komité, der formålet med retningslinjene er å gi støtte i forskingsprosessen, men også for å få forskaren til å tenke i gjennom det etiske perspektivet av forskinga. Retningslinjene består av seks delar med 47 punkt, der ikkje alle punkta er like relevante for alle typar forskingsarbeid, me har difor konsentrert oss om dei som omfatta vår undersøkingsprosess.

”Forskarane skal følgje forskningsetiske normer, som krav til å vere reielig, upartisk og openheit for eigen mogelegheit for å feile.” (Den Nasjonale Forskingsetiske komité for samfunnsvitskap og humaniora, 2006) Me har prøvd å minimere risikoen for feil i forskingsprosessen ved å bruke sikre kjelder og ved å nytte intervjuobjekt som har lang erfaring frå bransjen. Her vil det alltid vere ein viss risiko for feil, både ved feil bruk av kjelder og tolkingsfeil som kan oppstå i forkant av datainnsamlinga. Me har hatt ein open forskingsprosess, det vil seie at me gjennom heile prosessen ikkje har hatt ei meining om kva resultat me ville kome fram til ved avslutninga av undersøkinga. Me har også etter beste evne prøvd å vere konsistent og samanhengande i argumentasjonen vår og upartisk i drøftinga av funn.

”Dei som er gjenstand for forskning, skal få all informasjon som er nødvendig for å danne seg ein rimeleg forståing av forskingsfeltet, konsekvensane av å delta i forskingsprosjektet og hensikta med forskinga.” (Den Nasjonale Forskingsetiske komité for samfunnsvitskap og humaniora, 2006) Då me spurte om å få intervju bedriftene informerte me om kva samanheng materialet skulle brukast, og kva oppgåva skulle handle om. Dette var også informasjon som vart gitt til intervjuobjekt på førehand av utsending av spørsmåla. Vidare har me i den grad det har vore mogleg, prøvd å gje att dei innsamla data med fullstendigheit og i rett samanheng.

”Som hovudregel skal forskingsprosjekt som inkluderer personer, berre setjast i gang etter informerte og fritt samtykke frå deltakarane. Informantane har til ei kvar tid rett til å avbryte

si deltaking, utan at dette får negativ konsekvens for dei.” (Den Nasjonale Forskingsetiske komité for samfunnsvitskap og humaniora, 2006) Alle dei deltakande intervjuobjekta har blitt informert før datainnsamlinga om oppgåva si form og har frivillig delteke i vår forskingsprosess. Intervjuobjekta har også samtykka til eventuelle oppfølgingsspørsmål i etterkant av gjennomføringa av intervjuet. Det har vore underforstått at intervjuobjekta våre til ein kvar tid kunne trekke si deltaking under forskingsprosessen.

”Forskaren skal respektere dei legitime grunnar private bedrifter og interesseorganisasjonar og liknande har til ikkje å få offentleggjort opplysningar om seg sjølv, sine medlemmar og sine planar.” (Den Nasjonale Forskingsetiske komité for samfunnsvitskap og humaniora, 2006) Ved presentasjon av funna våre har me skjult identiteten til både bedriftene og intervjuobjekta. Tildelinga av den skjulte identiteten i oppgåva vart gitt løpande etter kvart som me gjennomførte intervjuet med våre respondentar. Vidare har me ikkje opplyst kvar bedriftene er lokalisert, og me har unnlåte å omtale informasjon som kan føre til identifisering.

”Alle forfattarar og forskarar, uavhengig om dei er amatørar eller profesjonelle, studentar eller etablerte forskarar, skal etterstreve god kjeldetilvisingskikk.” (Den Nasjonale Forskingsetiske komité for samfunnsvitskap og humaniora, 2006) Me har etter beste evne prøvd å referere mest mogleg nøyaktig til kjeldene me har brukt. Ved direkte sitat er det brukt sitatteikn ved sitatstart og sitatslutt, med tilvising til kvar kjeldene er henta frå. Me har samla kjeldene som vedlegg til oppgåva, på ein slik måte at det ved seinare forskning kan det vere enkelt å finne tilbake til aktuelle kjelder. Ved kjelder henta frå nettstader, har me datert etter når me sist henta informasjon i frå nettsida, sidan desse kan bli oppdatert eller fjerna.

4.0 Presentasjon av data

Intervjuguiden var delt inn i fem deler med fleire djuptgåande underspørsmål. Første del bestod av spørsmål knytt til intervjuobjektet. Dette for å få samla inn bakgrunnsinformasjon om personen me intervjuar, og for å få ei innsikt i erfaringsgrunnlaget både i bransjen og i bedrifta. Andre del gjaldt bedrifta som intervjuobjektet var tilsett i. Her var målet å få ei oversikt over bedrifta sin storleik og anna praktisk informasjon. Del tre var retta mot arbeidsoppgåver og rutinar for kvalitetssikring internt i bedrifta og tidsbruk til dette. Hensikta her var å sjå om det var forskjellar på små og store, kjedetilknytt og frittstående rekneskapsbedrifter. Fjerde del omhandla bedrifta sin tryggleik i høve til fagleg oppdatering og vedlikehald av kompetansen til dei tilsette, og deira kjennskap til og bruk av GRFS. Også her var formålet å fange opp forskjellar i dei forskjellige typar bedrifter. Medan femte del var ein open del der intervjuobjektet stod fritt til å utdjupa det me hadde snakka om og elles det dei brann for innan faget sitt.

4.1 Intervjuobjekta

Oversikt over intervjuobjekta				
IO	Alder	År i bransjen	År med autorisasjon	Tal dei er oppdragsansvarleg for
IO 1	56	28	21	33
IO 2	45	20	17	50-60
IO 3	42	15	14	50-60
IO 4	62	30	19	20
IO 5	44	18	15	35

Figur 3

Alle intervjuobjekta var mellom 42 og 62 år gamle, dei var autoriserte rekneskapsførarar og hadde mellom 15 og 30 års erfaring i bransjen. IO 1 var utdanna siviløkonom frå NHH og har arbeidd 28 år i bransjen. IO 2 var også utdanna siviløkonom frå NHH og har 20 års erfaring frå bransjen. IO 3 hadde utdanning frå Høgskulen i Sogn og Fjordane, samt eittårig kurs frå BI. Han hadde arbeidd 15 år i rekneskapsførarbransjen. IO 4 hadde Handelsskule og praksis frå rekneskapskontor sidan 1986 og hadde fått autorisasjon ifølge overgangsordninga i 1997. IO 5 hadde utdanningstittel cand.mag. økonomi og hadde 15 års bransjeerfaring.

4.2 Bedriftene

Oversikt over bedriftene						
Bedrift	År i drift	Tal tilsette (av disse med aut.)	Prosent med autorisasjon	Kjedetilknytt	Programvare for kvalitetssikring	Kundeportefølje
B1	31	5 (4)	80 %	Nei	KS-Komplett	Alle
B2	46	7 (2)	29 %	Nei	KS-Komplett	Ikkje lbr
B3	36	6 (4)	67 %	Nei	PowerOffice	Alle
B4	28	11 (6)	55 %	Ja	PowerOffice	Alle
B5	15	13 (7)	54 %	Ja	Kjeda sine egne	Ikkje lbr

Figur 4

Alle bedriftene var organiserte som aksjeselskap og hadde vore i drift lenge, mellom 15 og 46 år. Alle hadde ein kundeportefølje som bestod av EPF, AS, ANS, DA og NUF. Tre av kontora hadde også kundar frå primærnæringa, her landbruk. I B 1 er det fem tilsette, derav fire autoriserte rekneskapsførarar. Dette er dermed det kontoret der det er høgast prosent autoriserte rekneskapsførarar i høve tilsette, av dei bedriftene som er med i denne undersøkinga. B 1 er ikkje knytt til noko kjede, og er heller ikkje medlem i nokon bransjeorganisasjon. Dette kontoret brukar programvaren KS-Komplett til kvalitetssikring. B 2 har sju tilsette, derav to med autorisasjon. B 2 er ikkje knytt til noko kjede, men er medlem i bransjeorganisasjonen Regnskap Norge. Her brukar dei KS-Komplett til kvalitetssikring. I B 3 er det fire av seks tilsette som er autoriserte rekneskapsførarar. Kontoret er medlem i Regnskap Norge og ERFA-gruppa, men er ikkje knytt til noko kjede. Til kvalitetssikring nyttar dei programvaren PowerOffice. B 4 hadde 11 tilsette der seks var autoriserte. Dei har vore franchisetakarar i ei kjede sidan 1. januar 2012. Dei var også medlem i Regnskap Norge og nytta PowerOffice i kvalitetssikringsarbeidet. I B 5 var det sju autoriserte rekneskapsførarar av totalt 13 tilsette. Dette var eit rekneskapskontor i ei kjede, og medlem i Regnskap Norge. I denne bedrifta brukte dei kjeda sine egne sjekklister og programvarer for kvalitetssikring.

4.3 Arbeidsoppgåver og kvalitetssikring

Av dei fem intervjuobjekta me intervjuja, var IO 1 og IO 4 «vanlege» arbeidarar, medan IO 2, IO 3 og IO 5 var daglege leiarar/kontorleiarar. Arbeidsoppgåvene til intervjuobjekta var mykje like bortsett frå at dei som var daglege leiarar/kontorleiarar hadde meir administrativt

arbeid og kontrolloppgåver, og dermed utførte mindre bokføringsarbeid, som til dømes bilagsføring, fakturering og lønskøyning.

Når me spør om kva rutinar dei ulike bedriftene har for kvalitetssikring svarar alle at dei avstemmer ifølge pliktig rapportering. B 1, B 3, B 4 og B 5 tek ein større og grundigare kontroll av alle oppdrag ein gong pr. år, medan B 2 gjer dette to gonger årleg. Alle tykte dei hadde gode nok malar for kvalitetssikringsarbeidet, bortsett frå IO 2 som svara: «I grunn ikkje, det har stått stille i ti år.»

Ved spørsmål om tidsbruken på kvalitetssikringsarbeidet og om dei føler at dei har god nok tid til dette, svarar B 1 at dei brukar mykje tid på dette, men at det er ei uklar avgrensing mellom rekneskapsarbeid og kvalitetssikring. Han seier at: «Kvalitetssikringa var like god før, men då gjekk det ikkje så mykje tid til å dokumentere kvalitetssikringa.» B 2 brukar 0,25 -2 timar pr. oppdrag til den årlege kontrollen. Tidsbruken avheng av kor erfaren rekneskapsføraren som har oppdraget er. I B 3 varierer tidsbruken etter «type» kunde og at det kan bli litt travelt i årsoppgjersperioden, men at mykje meir vart gjort fortløpande gjennom året no enn før. I B 4 vert det brukt ca. 20 % av arbeidstida på kvalitetssikringsarbeid, og IO 4 seier at: «Med godt verktøy går den jobben fort, og mykje meir blir gjort gjennom året no enn før.» I B 5 har kvalitetssikringsarbeidet høg prioritet, men føler likevel at det vert for lite tid til dette.

Alle intervjuobjekta våre var autoriserte rekneskapsførarar med oppdragsansvar. På spørsmål om kven som kontrollerte arbeidet til intervjuobjekta og om kor ofte det vart kontrollert svara både IO 1 og IO 4 at ingen kontrollerte deira arbeid, med unntak av dei oppdraga som er revisjonspliktige og dermed blir kontrollert av ekstern revisor. IO 2 sitt arbeid vart kontrollert av RN kvart sjuande år. IO 3 var kontrollert internt ein gong årleg, det vart også IO 5, men hadde også i tillegg årleg ekstern kontroll.

4.4 Fagleg påfyll, GRFS og tilknytning til rekneskapskjede

Ut frå svara me fekk på spørsmål om det var spesielle endringar i lover og reglar som hadde påverka rekneskapsførararbeidet, ser me at det ikkje vert nemnt noko spesielt, men alle svarar at det er stadige endringar, små eller store, som rekneskapsførarane må halde seg oppdaterte på. IO 1 seier at om det må nemnast noko spesielt så må det vere Kvitvaskingslova som

trede i kraft 15. april 2009. «Den var ein skikkeleg tankevekkjar; no skulle du faktisk gå bak ryggen til kunden og melde han.... men på den andre sida så var det jo å kjempe mot kriminalitet..» Både IO 3 og IO 5 nemner endringa i revisjonsplikta på dette spørsmålet.

Når me spør korleis dei sikrar seg at dei til ei kvar tid er oppdatert på desse endringane i lover og reglar, svarar alle at dei tek den obligatoriske etterutdanninga på 77 timar pr. tredje år. Elles får dei informasjon gjennom elektroniske oppslagsverk og nyheitsbrev frå Infotjenester, Skatteetaten, Skattebetalarforeininga, Akelius og Sticos. IO 4 og IO 5 seier at dei har Intranett i tillegg. Både IO 1 og IO 4 seier at mykje informasjon vert utveksla og diskutert i frukost- og lunsjkaffien, og trur det må vera vanskelegare å halda seg oppdatert på eit einmannskontor. IO 3 seier dei har tysdagsmøter der ulik informasjon og nyheiter vert utveksla, men at akkurat på dette området hadde det vore bra og vore ein del av ei kjede.

På spørsmål om dei fyller på med meir fagleg oppdatering i form av kurs enn det som er lovpålagt, seier alle unnateke IO 3 at: «Ja, det gjer me.» IO 3 meiner at: «77 timar i løpet av tre år er bra! Dessutan har me «superbrukarar» som held seg særskilt oppdatert på sine felt.» IO 2 meiner at samansetninga av timar i den lovpålagte oppdateringa bør endrast, fordi det er altfor mange timar bokføring i kravet slik det er no. IO 1 og IO 4 seier dei tek dei kursa dei føler behov for i høve til kundeporteføljen dei har, uansett om det vert meir timar enn det som er lovpålagt.

Alle dei fem intervjuobjekta seier dei har brukbar til god kjennskap til GRFS. IO 1 seier: ”Det er ikkje noko eg slår opp i kvar dag, det er ei rettesnor for korleis rekneskapsføring skal skje, og ei hjelp til å stille seg spørsmål om ein gjer ting på rett måte.” IO 2 meiner: ”Eg har brukbar kjennskap til GRFS, den er faktisk ein rekneskapskikk du kan setje deg ned å lese og det er forståeleg det som står der, dette gir mening. Elles synest eg ofte at når ein les slike ting, kan ein ofte tenke at det har ein annan mening enn det som står.” IO 5 seier han brukar den som eit oppslagsverk: ”Mykje av kursa og faget dreier seg om informasjon som også er mynta på GRFS. Eg vil ikkje seie eg slår opp i GRFS dagleg, meir dersom det er forhold som er ukjent, ting me sjeldan er bort i osv., så gjer me det.”

I siste del av intervjuet får dei spørsmål om det er tryggande å ha ei stor rekneskapskjede i ryggen, eller om dei skulle ynskje at dei hadde det? Og kvifor/kvifor ikkje? IO 1 seier klårt og tydeleg: «Nei, det ville jo vere det same som å sei at me er utrygge no, og det er me ikkje. Det

som er mangelvare er rett kompetanse, og då nyttar me eksterne tenester slik som advokatar og revisorar. Sidan me ikkje er med i noko kjede kan me fritt velje desse frå øvste hylle.» IO 2 lurar litt på om det hadde vore enklare då, med fordeling av oppgåver og slikt. IO 3 trur det hadde vore tryggande, men at det er eit kostnadsspørsmål, og at det har mest å seie for leiarane. IO 4 nemner også leiarane som dei som har mest utbytte av å vera knytt til ei kjede. «Me vanlege arbeidarane har akkurat dei same krava til kvalitetssikring uansett. Dessutan lurar eg på om kostnaden med kjede står i høve til det me får att? Me føler også press frå kjeda i høve til det me skal prestera når det gjeld faktureringsgrad osv.» IO 5 seier det er veldig trygt med ei kjede i ryggen. «Då har me spesialkompetanse på alle områder, og kan flytte arbeidsoppgåver mellom avdelingane.»

4.5 Open del

Heilt til slutt hadde me ein open del der me spurte intervjuobjekta om det var noko dei ville sei noko meir om, eller om det var noko dei brann spesielt for? IO 1 og IO 4 hadde lyst til å sei litt meir om å vera knytt til kjede eller ikkje. IO 1 meinte at kjeder påførte bedrifta ekstra kostnader som vart belasta kunden og at kvaliteten dermed ikkje alltid stod i forhold til prisen som kunden måtte betale. Den uniforme tenkemåten i kjedene er vel heller ikkje berre positiv i og med at kundane er forskjellige og har forskjellige behov. «Klart det er ein viss risiko for å sakke akterut både fagleg og teknologisk, men fokuset vårt er eit best mogleg rekneskap til ein god pris.» IO 4 meiner at kvaliteten på rekneskapen avheng av rekneskapsføraren, og ikkje om kontoret er knytt til kjede eller ikkje. IO 2 tilrår rekneskapsføraryrket på det varmaste og seier at jobb som rekneskapsfører er eit kanonfundament uansett kva du vil arbeide med seinare. IO 3 tykkjer det er eit ekstra pluss med dette arbeidet at han kan ha fleksibel arbeidstid og heimekontor.

5.0 Drøfting

Rekneskapsførerbransjen har vore gjennom store omstillingar siste åra, i form av endringar i lovverk og teknologiutvikling med programvarer. Noko det har vorte meir fokus på med åra er kvalitet og kvalitetskontroll. Ein kan undre seg om kvaliteten på arbeidet som vart gjort tidlegare var god nok? Er kvaliteten på arbeidet til eit frittstående rekneskapskontor like god som til ei større, kjedetilknytt bedrift? Kven kontrollarar arbeidet som vert utført på eit lite kontor med få tilsette? Har dei mindre kontora kapasitet og moglegheit til å henge med i utviklinga? Dette er ulike spørsmål som me vil sjå nærmare på i denne delen av oppgåva vår for å på best mogeleg måte kunne svare på problemstillinga.

5.1 Kvalitetssikring og GRFS

Kvalitetskrava til rekneskapsføraren skuldast nok ikkje berre omstillingane i bransjen generelt, men er til for å sikre at kundane opplever tryggleik og har tillit til rekneskapsføraren. Rekneskapsføraren ber eit stort ansvar, og må syte for at rekneskapen gir eit rettvisande bilete. Det er klare føringar for at rekneskapsføraren sin organisasjon, rutineopplegg og internkontroll må vere i samsvar med rekneskapsførarregelverket, kvitvaskingslova og GRFS.

For å halde tritt med utviklinga i bransjen krev det ressursar i form av kompetanse og programvare. For eit frittstående rekneskapskontor som vurderer å knytte seg til ei kjede, har ein kostnadsspørsmålet på den eine sida, men samstundes kan kjedetilknytning på den andre sida vere tidssparande fordi rekneskapskontoret slepp prosessen med prøving og feiling ved val av ny programvare, då kjedene oftast tek seg av denne biten. Ein har også fordelene med nyheitsbrev for å formidle relevante oppdateringar på lover og reglar. To av dei tre frittstående rekneskapskontora me har intervjuja hadde vurdert om dei burde ha tilknytning til kjede. Ikkje alle ser fordelene ved kjeder og det er difor interessant kvifor eitt av kontora ikkje vurderer dette i det heile teke. Er det mogeleg å drive eit rekneskapskontor utan å ha ei kjede i ryggen, eller er det nødvendig å bli ein del av noko større for i det heile tatt å kunne overleve og halde tritt med utviklinga?

Då revisjonsplikta for mange små bedrifter fall vekk, forsvann også eit ledd med kvalitetssikring og kontroll bort. For å kjempe mot økonomisk kriminalitet er det viktig at rekneskapsføraren har fokus på dokumentasjon, kvalitetssikring og intern kontroll. Kva er kvalitet i rekneskaps-samanheng? Og korleis sikrar rekneskapskontor at dei leverer god

kvalitet? Kvalitet for rekneskapsføraren er ikkje berre å levere rekneskap i samsvar med pliktig rapportering, samt avstemming og dokumentasjon, men det er også viktig at rekneskapen syner eit rett bilete og er til nytte for brukarane. Kvalitetssikrar frittstående kontor arbeidet sitt på same måte som eit kontor knytt til ei kjede?

Undersøkinga viser at andelen autoriserte rekneskapsførarar i kjedetilknytt kontor ligg rundt 55 prosent, medan i dei ikkje kjedetilknytt kontora varierer andelen av autoriserte rekneskapsførarar mellom 29 og 80 prosent. I bedriftene der autorisasjonsprosenten er høg er det oftare oppdragsansvarleg som utfører rekneskapsarbeidet, medan det i ei bedrift der autorisasjonsprosenten er låg er det ikkje-autoriserte som gjer rekneskapsarbeidet, og oppdragsansvarleg kontrollerer det den ikkje-autoriserte har gjort. Då det ikkje er krav om kontroll av oppdragsansvarleg sitt arbeid vil det vera mindre kontroll av andre sitt arbeid der autorisasjonsprosenten er høg, medan det på eit kontor med låg autorisasjonsprosent nesten alltid blir kontrollert av ein annan. Samstundes som det er fordelaktig med meir kontroll, er det vanskelig å tru at kontor med låg del av autoriserte, skal kunne ha oversikt over jobben fleire ikkje-autoriserte utfører ned på eit detaljnivå.

Rekneskapsførarselskapet skal utpeike ein bestemt autorisert rekneskapsførar som ansvarleg for oppdraget. Det er dette intervjuobjekta omtalar som oppdragsansvar. Me ser at dei daglege leiarane me intervjuar i frittstående kontor, har oppdragsansvar for langt fleire føretak enn dei andre intervjuobjekta. Dette kan ha samanheng med kva type arbeidsoppgåver leiarane utfører, og sidan desse har opplyst at dei ikkje utfører tradisjonelt rekneskapsarbeid, slik som bilagsføring, fakturering og lønskøyting, har dei meir ein kontrollfunksjon av dei føretaka som dei har oppdragsansvar for. Me stiller oss likevel undrande til om det å ha oppdragsansvar for 50-60 føretak er god kvalitetssikring?

Alle bedriftene me intervjuar kvalitetssikrar ifølge pliktig rapportering pluss ein grundigare kontroll ein gong årleg uavhengig om dei er knytt til kjede eller ikkje. Berre ei bedrift tek ein grundig kontroll to gonger årleg. Denne bedrifta er eit frittstående kontor.

Både frittstående kontor og kontor knytt til kjede brukar same type verktøy til kvalitetssikringsarbeidet. Me kan ikkje sei om dette skuldast at det er få program å velje mellom, eller om det er fordi dette er det beste. Den eine meiner at verktøyet er forelda, denne arbeider på eit frittstående kontor.

Det er vanskeleg for alle å seie eksakt kor mykje tid dei brukar til kvalitetssikring. Det er òg vanskeleg å skilje mellom rekneskapsarbeid og kvalitetssikring fordi dette går inn i kvarandre. Når dei kontrollerer andre sitt arbeid kjem det an på kor mykje erfaring den aktuelle rekneskapsføraren har, og etter kva «type» kunde rekneskapen gjeld. Alle seier dei har god nok tid til kvalitetssikring, eller at dei tek seg tid til det.

Intern kontroll av autorisert rekneskapsfører sitt arbeid vert i like stor grad utført på frittstående kontor som på kontor knytt til kjede. Den eksterne kontrollen vert utført kvart sjuande år på alle kontor/rekneskapsførarar som er medlem i Regnskap Norge. Alle rekneskap som er revisjonspliktige vert kontrollert av revisor. I eit av kontora som er knytt til kjede har dei ekstern kontroll ein gong årleg.

Ut frå svara me fekk på spørsmålet om kvalitetskontroll ser me at alle tenkjer avstemming av rekneskapen og dokumentasjon av denne. Ingen nemner forhold som internkontroll og risikostyringsforskrifta. Er det slik at rekneskapsførarane er mest opptekne av å kvalitetssikre og dokumentere arbeidet dei gjer for kunden og ikkje har teke innover seg endra krav til måten arbeidet skal utførast på? Leiarar skal løpande gjennom året vurdere gjennomføringa av internkontrollen, og det skal minst ein gong årleg gjennomførast ei oppsummerande vurdering av om internkontrollen har vore gjennomført på ein tilfredstillande måte. At denne typen internkontroll ikkje vert nemnd kan tyde på at rekneskapsførarane med lang røynsle i denne bransjen framleis er mest opptekne av avstemming slik dei tradisjonelt har utført arbeidet.

5.2 Etterutdanning og fagleg påfyll

Rekneskapsføraren kan ikkje kvile på laurbæra etter å ha avslutta utdanning, men må halde seg oppdatert i form av etterutdanningskravet. I følgje dei bedriftene me snakka med er det vanleg at medarbeidarane får reise på dei kursa som dei ynskjer, men at dei autoriserte rekneskapsførarane blir prioritert, sidan vedlikehald av autorisasjon er lovpålagt. I undersøkinga kjem det fram at dei kontora som er knytt til kjede, i større grad kursar dei autoriserte rekneskapsførarane, enn dei ikkje-autoriserte. Det kan verke som at det også her er eit kostnadsspørsmål, og at kjedekontora har større fokus på kostnadseffektiv drift enn frittstående kontor.

Fagleg påfyll omfattar ikkje berre krav om etterutdanning. Som rekneskapsførar må ein halde seg oppdatert med gjeldane lover og reglar i form av oppdateringar eller nye lovforslag. Alle kontora svarar at dei held seg oppdatert på endringar i lover og reglar, men det er nok ulike måtar å tileigne seg denne informasjonen på. Eit kjedetilknytt kontor får tilsendt mykje informasjon per e-post frå kjeda, sidan det er eigne tilsette i kjeda som har dette som ansvarsområde, medan dei på frittstående kontor har tettare band til bransjeorganisasjonar og får mykje informasjon derifrå om aktuelle endringar. Det er nok også skilnad på korleis informasjonen blir spreidd til dei tilsette. Eit frittstående kontor med få tilsette, kan utveksle informasjon i lunsjen, medan det på eitt større kjedetilknytt kontor er meir naturleg å samle dei tilsette på formelle møter f.eks. ein gong i veka for å informere om eventuelle endringar.

5.3 Kjede eller frittstående kontor?

Av dei bedriftene me intervjuar, var tre av fem bedrifter frittstående kontor. I to av tre av desse, var intervjuobjekta daglege leiarar og desse vurderte kontinuerleg kjedetilknytning. Ut i frå svara me fekk verka dei positive til kjedetilknytning, og meinte at det vart enklare dersom kontoret var tilknytt ei kjede, mellom anna fordeling av oppgåver. Det eine kjedetilknytte kontoret var svært positiv til kjedetilknytning og såg berre fordelar med dette, men han var også dagleg leiar. Sjølv om den eine av leiarane ved frittstående kontor var positiv til kjedetilknytning, nemner han også at kjedetilknytning er eit kostnadsspørsmål, og at det nok mest utgjer ein fordel for leiarane. Dette var også den vanlege tilsette frå kjedetilknytt kontor einig i. Det siste intervjuobjektet ved frittstående kontor, som var ein vanleg tilsett, var tydeleg på at kjedetilknytning ikkje var noko alternativ.

Kan det vere slik at kjensla av tryggleik med kjedetilknytning er knytt til ansvarsområdet intervjuobjektet har, lik så mykje som om kontoret er frittstående eller kjedetilknytt? Daglege leiarar kjenner på ansvaret dei har, i samsvar til risikostyringsforskrifta og GRFS, og meiner difor at det hadde vore tryggare med ei kjede i ryggen. Kjedetilknytning betyr like malar for intern kontroll og risikostyring. Dei får meir oppdatering og informasjon frå kjeda sentralt, noko som syter for at dei held seg oppdatert med relevante endringar som gjeld bransjen.

6.0 Konklusjon

I oppgåva vår har me undersøkt om det er nokon forskjell på kvaliteten på rekneskapen som er levert av eit kjedetilknytt rekneskapskontor og frå eit frittstående rekneskapskontor, sett i lys av korleis rekneskapsføraren og deira organisasjon kvalitetssikrar arbeidet. I starten av undersøkinga hadde vi ei førestilling om at etterkvart som teknologien har utvikla seg og rekneskapsføring skjer meir automatisk, f.eks. ved filoverføring, har det ført til at rekneskapsføraren brukar mindre tid på tradisjonelt rekneskapsførararbeid, men samstundes brukar rekneskapsføraren stadig meir tid på kvalitetssikring og dokumentasjon av den. Me hadde inntrykk av at det var mykje malar og verktøy til kvalitetssikring i bransjen og me hadde ei oppfatning av at kjedetilknytte kontor hadde endå meir fokus på dette enn frittstående kontor. Me hadde og ei oppfatning av at dei kjedetilknytte kontora hadde breiare tilbud og meir tilrettelagt fagleg oppdatering av rekneskapsførarane, medan dei frittstående sjølve måtte finna og oppsøkje den oppdateringa dei meinte var naudsynt utifrå eigne behov og lovpålagte krav. Utifrå dette undersøkte me om dei hadde like rutinar for kurs og oppdatering av rekneskapsførarane, og om dei brukar like mykje ressursar på å kvalitetssikre arbeidet dei gjer.

Som me ser av undersøkinga finns det mykje gode hjelpemidlar for kvalitetssikring, og at både kjedekontor og frittstående kontor i stor grad nyttar same verktøy. Klare lovreguleringar er med på å sikre at rekneskapsføraren er kjent med kva plikter han har i høve til oppdragsgjevar og det offentlege. Det er dagleg leiar som har, og tek ansvar for internkontroll og risikostyring i sin organisasjon.

Undersøkinga vår syner at daglege leiarar er positive til kjedetilknytning uavhengig av om dei er i kjede eller ikkje, medan «vanlege» tilsette ikkje ser dei same fordelane med kjede. Dette kan ha samband med at det er dei daglege leiarane som står ansvarlege for internkontroll og risikostyring og at dei difor ville følt det tryggare å vera ein del av ein større organisasjon. Når det gjeld kurs og annan fagleg oppdatering av dei tilsette syner undersøkinga at det er dei autoriserte rekneskapsførarane som vert prioritert i dei kjedetilknytte kontora, medan det ser ut til at alle tilsette i frittstående kontor har same moglegheit til å delta på dette.

Kjedetilknytning eller ikkje? Leverer frittstående og kjedetilknytt rekneskapskontor same kvalitet?

Ut i frå datainnsamlinga ser me at det ikkje er ulikskap i kvalitetssikringsarbeidet som fører til eventuelle skilnader i kvaliteten på den ferdige rekneskapen. Me finn ingen klare skilnader i tidsbruken på kvalitetssikringsarbeidet til dei ulike kontora, uavhengig av om dei er tilknytt ei kjede eller ikkje. Det gjer me heller ikkje når det gjeld hyppigheita av kontrollar av arbeidet som er utført av autoriserte rekneskapsførarar. Både kjedetilknytt kontor og frittstående kontor nyttar dei same malane og programvarene i kvalitetssikringsarbeidet sitt.

Ut frå resultatane me ser i denne undersøkinga er det stor skilnad i andelen autoriserte medarbeidarar i dei frittstående kontora, 29 – 80%, medan denne andelen ligg på 55% i dei kjedetilknytte kontora. Dette kan ha noko å sei for kvaliteten på rekneskapen som dei forskjellige rekneskapskontora leverer.

Undersøkinga syner også at daglege leiarar i frittstående rekneskapskontor har oppdragsansvar for opptil 60 føretak, medan dagleg leiar i eit kjedetilknytt kontor har oppdragsansvar for maksimalt 35 føretak. Til tross for at det kan vera skilnader på storleik og kompleksitet på føretaka er det grunn til å tru at kvaliteten kan bli dårlegare der tal oppdragsansvar er høgt, men i undersøkinga vår har vi for få respondentar til å kunne konkludere.

Bibliografi

- Den Nasjonale Forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora. (2006). *Etikkom*. Henta April 14, 2016 frå <https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/>
- Finale Avstemming. (2016, Mai 2). *Finale Avstemming*. Henta Mai 6, 2016 frå <http://www.finale.no/finale-avstemming-2.294828.no.html>
- Finanstilsynet. (2009, April 3). *Finanstilsynet*. Henta April 29, 2016 frå <http://www.finanstilsynet.no/no/Ekstern-regnskapsforing/Tilsyn-og-overvakning/autorisasjon/>
- Finanstilsynet. (2009, Mai 20). *Finanstilsynet*. Henta April 17, 2016 frå <http://www.finanstilsynet.no/no/Venstremeny/Om-Finanstilsynet/>
- Finanstilsynet Årsmelding. (2015). *Finanstilsynet Årsmelding*. Henta frå http://www.finanstilsynet.no/Global/Venstremeny/Rapport/2016/Arsmelding_2015.pdf
- Hvitvasking.no. (2009). *Hvitvasking.no*. Henta frå <http://www.hvitvasking.no/Lov-og-forskrift/Hvitvaskingsloven/>
- Infotjenester. (u.d.). *infotjenester.no*. Henta frå <http://www.infotjenester.no/om-infotjenester/>
- Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (3.. utg.). Cappelen Damm Akademisk.
- Kristoffersen, T. (2014). *Virksomhetsstyring og regnskapsorganisering* (1.. utg.). Fagbokforlaget.
- Lovdata.no. (2009, Januar 1). *Forskrift om risikostyring og internkontroll*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2008-09-22-1080>
- Moen, T.-G., & Havstein, B. (2014). *Regnskapsorganisering; Bokføring og intern kontroll* (6.. utg.). Cappelen Damm Akademisk.
- Pedersen, K., Schwencke, H. R., Haugen, D. O., & Baksaas, K. M. (2014). *Årsregnskapet i teori og praksis 2014* (16.. utg.). Gyldendal Akademisk.
- PowerOffice. (u.d.). *PowerOffice*. Henta Mai 6, 2016 frå <http://www.poweroffice.no/win/regnskapsmetodikk/>
- Regnskap Norge. (2016). *KS Komplett*. Henta April 26, 2016 frå www.regnskapnorge.no/produkter/arbeidsverktøy/ks-komplett/

Regnskap Norge. (u.d.). *Regnskap Norge*. Henta April 9, 2016 frå
<https://www.regnskapnorge.no/artikler/ef-regelverket/rundskriv-om-krav-til-etterutdanning/>

Regnskap Norge. (u.d.). *Regnskap Norge*. Henta April 9, 2016 frå
<https://www.regnskapnorge.no/om-oss/>

Revisjon og regnskap. (2011). (7.).

Revisjon.no. (u.d.). *Revisjon.no*. Henta frå http://www.revisjon.no/god_regnskapsskikk

Sticos. (u.d.). *sticos.no*. Henta frå
<https://www.sticos.no/portal/Produkter/SticosOppslag.aspx>

Økonomiforbundet, Regnskap Norge, Revisorforeningen. (2014, Juni). *God Regnskapsføringsskikk - GRFS*. Henta frå GRFS:
<https://www.regnskapnorge.no/globalassets/dokumenter/kvalitetskontroll/god-regnskapsforingskikk-grfs---februar-2016.pdf>